


Verdiar i Vikedalsvassdraget, Vindafjord kommune i Rogaland

VVV-rapport 2000 -8



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med
Noregs vassdrags- og energidirektorat, Vindafjord kommune og Fylkesmannen i Rogaland

Refereres som:

Fylkesmannen i Rogaland og Vindafjord kommune 2000. Verdiar i Vikedalsvassdraget, Vindafjord, Suldal, Sauda kommunar i Rogaland, Etne kommune i Hordaland. -Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Noregs vassdrag- og energidirektorat. VVV-rapport 2000-8. Trondheim 62 sider, 6 kart.

Forside foto: Øvst til venstre: Vikedalsosen. Midten t. v: Kyrkjeholen. Nedst t. v: Hallingstadstryka. Øvst til høgre: Midtbygda sett fra Geitahettå. Nedst t. h: Kydlestuv.

Layout: Guri Gjerde

Foto: Guri Gjerde (Fig. 1 og 13, foto: Lillian Austrheim. Fig. 2, foto: Helle K. Gjerde).

**Verdiar i Vikedalsvassdraget,
Vindafjord, Suldal og Sauda kommunar i
Rogaland, og Etne kommune i Hordaland**

**Vassdragsnr.: 038.Z
Verneobjekt: 038/1
Verneplan III**

VVV-rapport 2000-8

Rapport utarbeida ved Landbrukskontoret i Vindafjord i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland

Tittel <i>Verdiar i Vikedalsvassdraget</i>	Dato <i>oktober 2000</i>	Talet på sider <i>62s. + 6 kart</i>
Forfattar <i>Guri Gjerde, Vindafjord Landbrukskontor/ Fylkesmannen i Rogaland Per Terje Haaland</i>	Institusjon	Ansvarleg sign
TE-nr 887	ISSN-nr 1501-4851	ISBN-nr 82-7072-394-0
Vassdragsnamn <i>Vikedalsvassdraget</i>	Vassdragsnummer <i>038.Z</i>	Fylke <i>Rogaland, Hordaland</i>
Verna vassdrag nr <i>038/1</i>	Talet på objekt <i>19 (+2 delområde og 11 objekt er registrert under kulturminne og -miljø)</i>	Kommunar <i>Vindafjord, Etne, Sauda, Suldal</i>
Talet på delområde med Nasjonal verdi (***) 2	Talet på delområde med Regional verdi (**) 10	Talet på delområde med Lokal verdi(*) 7
EKSTRAKT		
<i>Vikedalsvassdraget (vassdragsnummer 038.Z) ligg i til største del i Vindafjord kommune i Rogaland og Etne kommune i Hordaland. Deler av vassdraget ligg også i Sauda og Suldal kommunar. Vassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1986, Verneplan III for vassdrag.</i>		
<i>Det er registrert 2 delområde med nasjonal verneverdi i vassdraget med grunnlag i kvartærgeologi. 10 delområde er registrert til å ha regional verneverdi og 7 delområde er registrert til å ha lokal verneverdi, fordelt innan prosessar og former danna av is og vatn, biologisk mangfold, landskapsbilete og friluftsliv. I tillegg er det registrert 2 delområde og 11 objekt som inneholder verdier med omsyn til kulturminne og kulturmiljø.</i>		
<i>Rapporten skal vera ei samanfatning av verdiane i Vikedalsvassdraget og skal kunna nyttast i kommunal forvaltning. Denne rapporten visar kjende verdiar i dei delane som ligg i Vindafjord kommune. Rapporten viser også prosessar og former, kulturminner og kulturmiljø i Etne kommune i Hordaland.</i>		
SUMMARY IN ENGLISH		
<i>Vikedalsvassdraget (watercourse no.038.Z) is situated in the municipalities of Vindafjord, Sauda and Suldal in Rogaland County and the municipality of Etne in Hordaland County. In 1986 this watershed was protected against future hydropower plants (Plan for protected watercourses III).</i>		
<i>2 areas have been described to have national value within geomorphology. 10 areas have been described to have regional value and 7 areas have been described to have local values within the subjects geomorphology, biodiversity, forms of landscapes and outdoor recreation. Lastly, 2 areas and 11 objects are given values based on cultural matters. These values have not been ranged.</i>		
<i>This report is meant to give an account of values within the area of Vikedalsvassdraget, and give basis for good usage of the area.</i>		
5 STIKKORD PÅ NORSK	5 KEYWORDS IN ENGLISH	
<i>Prosessar og former danna av is og vatn</i>	<i>Geomorphology</i>	
<i>Biologisk mangfold</i>	<i>Biodiversity and ecology</i>	
<i>Landskapshilete</i>	<i>Forms of landscapes</i>	
<i>Friluftsliv</i>	<i>Outdoor recreation</i>	
<i>Kulturminne og kulturmiljø</i>	<i>Cultural Heritage and the Historical Landscape</i>	

FORORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarleg for prosjektet "Verdiar i verna vassdrag" (VVV-prosjektet). Formålet er å gjera kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har fleire gonger presisert at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag, vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege styresmakter rammer for si forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former danna av vatn og is, biologisk mangfald, landskapsbilete, friluftsliv og kulturminne/miljø og skal ut frå den kunnskapen som er i dag gjera synleg dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det også finnast andre viktige verdiar som og har noko å seie for vernet. I prosjektet lagast rapportar over dei einskilde vassdraga som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Informasjonen i rapportane vil seinare bli tilgjengeleg med digitale kartdata. Ansvaret for utarbeidninga av kvar einskild rapport ligg hjå fylkesmannen i vedkomande fylke.

Vikedalsvassdraget har sidan vedtak i Stortinget 1986 vore verna mot vasskraftutbygging (verneplan III). Denne rapporten er utarbeida ved Landbrukskontoret i Vindafjord. Rapporten presenterer fyldig dokumentasjon over kva verdiar som finst i og ved Vikedalsvassdraget. Arbeidet med rapporten er utført hausten 1999 og våren 2000 av Guri Gjerde. Kartarbeidet er gjort av Linda Nordtveit, Teknisk etat i Vindafjord kommune.

*Direktoratet for naturforvaltning
naturbruksavdelingen*

*Ola Skauge,
avdelingsdirektør*

*Norges vassdrags- og energidirektorat
vassdragsavdelingen*

*Are Mobæk,
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Odd Kjos-Hanssen
Fylkesmiljøvernsjef*

INNHOLD

FØREORD

SAMANDRAG

1.0 INNLEIING	13
1.1 Generell skildring av Vikedalsvassdraget.....	13
1.2 Hydrologi og vasskvalitet.....	13
1.3 Arealopplysningar.....	14
1.4 Målsetjing og avgrensing med rapporten	16
2.0 PROSESSAR OG FORMER DANNA AV IS OG VATN	18
2.1 Vassdragselement og prosessar i dag	18
2.2 Former og spor etter avslutta prosessar	19
2.3 Utvalde delområde	19
3.0 BIOLOGISK MANGFALD	22
3.1 Ferskvassbiologi.....	22
3.2 Vegetasjon	23
3.3 Naturtypar.....	23
3.4 Vilt	24
3.5 Kjende rødlisteartar	25
3.6 Utvalde delområde og objekt	25
4.0 LANDSKAPSBILETE	28
4.1 Landskapsregion og sær preg	28
4.2 Særmerkte element i landskapet	28
4.3 Utvalde delområde	29
5.0 FRILUFTSLIV	31
5.1 Friluftsområde	31
5.2 Merka turar og stinett.....	31
5.3 Jakt og fiske	32
5.4 Utvalde delområde	32
6.0 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	35
6.1 Vassdragsrelaterte kulturmiljø	35
6.2 Ferdsel	38
6.3 Verdifulle kulturlandskap.....	39
6.4 Kulturminne	39
6.5 Bygningar bygd før 1900 (Sefrakregistret)	46
6.6 Utvalde delområde og objekt	51

7.0 AKTUELLE TRUGSLAR.....	55
7.1 Hogst av kantvegetasjon	55
7.2 Rømd oppdrettsfisk	55
7.3 Dyrking, planering og uttak av masse	56
8.0 REFERANSAR	57
8.1 Litteratur	57
8.2 Munnlege kjelder	58
9.0 KRITERIER OG VERDISETJING NYTTA I RAPPORTEN.....	59
9.1. Metode	59
10.0 KART	62

Vedlegg 1. Registreringsskjema

SAMANDRAG

Vikedalsvassdraget (vassdragsnummer 038.Z) ligg til største del i Vindafjord kommune i Rogaland. Vassdraget har også delar som ligg i Etne, Suldal og Sauda kommunar. Vassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1986, Verneplan III for vassdrag.

Berggrunnen er samansett av tre hovudgrupper; granittar, fyllittar og gneisar. Det er stor variasjon i dei kvartære avsetjingane, noko som vitnar om eit komplisert isavsmeltningsforløp. Vassdraget sitt løpsmønster og løpsform er svært variert. Vikedalsvassdraget er prega av oseanisk klima og for det meste næringsfattig jordsmonn. Vegetasjonen er derfor samansett av lite næringskrevjande arter. Alle vegetasjonssoner frå havnivå og opp til mellomalpin sone er godt representert. Vassdraget har mykje å seia for lokale bestandar av fleire viltartar. Mange biotopkrav er ivareteke innanfor nedbørssfeltet. Likevel er det relativt få artar som nyttar området. Nedbørssfeltet har ein rik og variert fuglefauna, sjølv om talet på våtmarksartar og alpine artar er lågt. Fuglelivet i skogen er velutvikla, med mange artar og høg tettleik av individ.

Både for lokalbefolkinga og friluftsinteresserte på Haugalandet er Vikedalsvassdraget eit flott turområde. Særskild den indre del av vassdraget er mykje nyttta, der det også er stabile snøforhold om vinteren. Vikedalselva har ein lakse- og sjøaureførande strekning på ca 10 km, og er rekna som ei smålakselv. I Ryfylke er det berre Vikedalsvassdraget som er upåverka av reguleringar i tillegg til å ha eit laks- og sjøaurefiske i større skala.

Kulturminna i vassdraget er relativt mangfoldige når det gjeld å avspegle jordbruksbusetnaden. Ved at ein kan fylge jordbruksbusetnaden frå yngre steinalder fram til i dag, representera kulturminna eit viktig kulturpotensiale.

Rapporten inneholder 5 hovudgrupper av fagtema:

- Prosessar og former danna av is og vatn*
- Biologisk mangfold*
- Landskapsbilete*
- Friluftsliv*
- Kulturminne og kulturmiljø*

Rapporten gir ei temavis oversikt over den kunnskapen som finst i dag om verdifulle delområde/objekt i Vikedalsvassdraget (Verneplan III for vassdrag). Jfr. kart kap. 10 og vedlegg med registreringsskjema. Desse områda er nærmere skildra i dei einskilde kapitla i rapporten. Kulturminna er ikkje verdigraderte og er ikkje blitt registrert på skjema, men omtalast i rapporten og vises på kart. ”Gradering” i tabellane nedanfor, er utført etter metodikk skildra i vegglear for VVV-prosjektet, der også kriteria er definert (Jfr kap. 9). Delområda med *** svarar til Nasjonal verdi, ** Regional verdi og * Lokal verdi.

Dei faglege vurderingane i rapporten byggjer i stor grad på eksisterande litteratur og tidlegare undersøkingar.

Kart nr. 1 Prosessar og former danna av is og vatn (P) Sjå kart kap. 10

Nr	Namn delområde	Skildring	Gradering	Dok. status
P1	Hallingstad	Morenerygg/delta	***	Dokumentert
P2	Låkafossen	Fossegjel, jettegryter, breelvdelta og dødisgropes	***	Dokumentert
P3	Solheim	Sandur	**	Dokumentert
P4	Solheim-Ørnes	Elveslette, meandrering	**	Dokumentert
P5	Bjørndalsura	Fjellskred	*	Dokumentert

Kart nr. 2 Biologisk mangfald (B) Sjå kart kap. 10

Nr	Namn delområde/objekt	Skildring	Gradering	Dok. status
B1	Kyrkjeholen	Våtmark	**	Dokumentert
B2	Prestaneset-Nes	Gråor-heggeskog	**	
B3	Plomlia	Blandingsskog	**	Dokumentert
B4	Nord for Røyravatnet	Myr/furuskog	*	Dokumentert
B5	Eiketre på Eikeland	Gamal eik	*	
B6	Førlandstølen m/ omegn	Myr	*	
B7	Aust for Fjellgardsvatnet	Furuskog/edellauvskog	*	
B8	Mo	Myr/skog	*	

Kart nr. 3 Landskapsbilete (L) Sjå kart kap. 10

Nr	Namn delområde	Skildring	Gradering	Dok. status
L1	Vikedal-Søndenåneset	Våtmark-strandsone	**	Dokumentert
L2	Midtbygda	Jordbrukslandskap	**	Dokumentert
L3	Fjellgardane	Kulturlandskap	**	

Kart nr. 4 Friluftsliv (F) Sjå kart kap. 10

Nr	Namn delområde	Skildring	Gradering	Dok. status
F1	Vikedalselva	Smålaks-elv	**	Dokumentert
F2	Fjellgardsvatnet	Fiskevatn, bade/rasteomr.	*	Dokumentert
F3	Røyravatnet	Fiskevatn, bade/rasteomr.	*	Dokumentert
F4	Vikane-Bjørndalen	Skog- og fjellområde	**	Dokumentert

Kart nr. 5 Kulturminne og kulturmiljø (K), Sjå kart kap. 10
 kartet viser og andre kulturminner/-miljøer (nr. 01-054)

Nr	Navn delområde/objekt	Skildring	Ikje grad.	Dok. status
K1	Vikedalsosen	Bygningsmiljø	Ikkje grad.	Dokumentert
K2	Vikedal kyrkje	Bygning	"	"
K3	Stabbur, Vikedal bygdemuseum	Bygning	"	"
K4	Kvernhus, Vikedal bygdemuseum	Bygning	"	"
K5a/b	Hundseid Bru/Vikedal Bru	Bru/brukar	"	"
K6	Koladalen-Langeland-Fatland-Underbakka-Veadalen	Jordbruksmiljø, beite- og slåttemark	"	
K7	Ørekjerven	Gardsanlegg	"	Dokumentert
K8	Søndenå	2 gravrøyer	"	"
K9	Søndenå	Gravrøys	"	"
K10	Søndenå	2 gravrøyer	"	"
K11	Søndenå	Kyrkjegard	"	"
K12	Hallingstad øvre	Gravfelt	"	"
K13	Solheim	Gravfelt	"	"

Kart nr. 6 Vassdragsrelaterte kulturminne Sjå kart kap. 10

1.0 INNLEIING

1.1 Generell skildring av Vikedalsvassdraget

Vikedalsvassdraget ligg på grensa mellom Vestlandet sine ytre og midtre fjordstrøk. Det har kjeldene sine i fjellområda på grensa mellom Rogaland og Hordaland, elva munnar ut i Osavika i Sandeidfjorden som er ein sidearm til Boknafjorden. Mesteparten av nedbørsfeltet, 118.4 km², ligg i Vindafjord kommune, men indre deler tangera også Etne kommune (Hordaland), Suldal- og Sauda kommune (Rogaland). Vikedal har eit utprega oseanisk klima med milde vintrar. Årsnedbøren ligg rundt 2000 mm i dei nedre delene og stig til nærmere 3000 mm i dei indre og høgare strok. Naturgeografisk høyrer vassdraget til 37b (Vestlandet sin lauv- og furuskogregion, Ryfylke sine fjord- og heiområde).

Vikedal er ei typisk jordbruksbygd. Det meste av busetnaden på ca. 700 innbyggjarar er konsentrert ved fjorden. Området mellom Vikedal sentrum og Fjellgardsvatnet er eit utprega jordbrukslandskap. Resten av nedbørsfeltet er beiteområde og litt hogstområde.

Dei største kvalitetane i og ved vassdraget ser ut til å vera:

- Eit viktig historisk dokument for forståinga av isavsmeltinga i Nord-Rogaland og Sunnhordland
- Ekskursjonsområde for faga geologi og kvartærgeologi
- God moglegheit for kortare og lengre fotturar i heile vassdragsområdet
- Attraktivt laks- og sjøaurefiske
- Pedagogisk verdi for studiar og eksperiment innan problematikken omkring sur nedbør
- Varierte og mange kulturminne.

Vikedalselva har sidan vedtak i Stortinget 1986 vore varig verna mot kraftutbygging (verneplan III). I St. prp. nr. 89 er verneformålet grunna slik: "Kontaktutvalget viser til at Vikedalselva i dag er den viktigste lakse- og sjøaureelva i Ryfylke og tiltrekker fritidsfiskere fra hele sørvestlandet. Dessuten er det et viktig friluftsområde om vinteren på grunn av de stabile snøforholdene. Natur- og kulturverninteressene er også betydelige i området. Flere av de nærliggende vassdragene er preget av til dels store kraftutbygginger...". Vidare uttalar Statens forureiningstilsyn at "Vikedalsvassdraget er med i overvåningsprogrammet for langtransporterte forurensinger (sur nedbør), og det er vannkvaliteten som følges. Vassdraget ligger i den delen av landet som mottar de største mengdene sur nedbør" (Direktoratet for naturforvaltning 1999c).

1.2 Hydrologi og vasskvalitet

Vikedalsvassdraget vart i 1972 innlemma i "elveserien" (overvåking av vannkjemi i utvalgte vassdrag) organisert gjennom Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, Fiskeforskningen. I 1980 vart programmet overteke av "Statlig program for overvåking av langtransportert forurensset luft og nedbør", administrert av Statens forureiningstilsyn (SFT). I 1981 vart det registrert daud fisk i vassdraget. Det førte til undersøkingar både på vasskjemi, fisk og botndyr. Undersøkingane inneholdt eksperiment og observasjonar i felt. Grunnlaget for dette arbeidet var tidlegare undersøkingar, gjennomførd under programmet "Ti-års vermede vassdrag", leia av Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen (NVE). I 1994 vart Vikedalsvassdraget teke inn i prosjektet "Forskning- og referansevassdrag" (Forskref) leia av SFT, Direktoratet for

naturforvaltning (DN) og NVE. Fagområda er hydrologi, inkludert transport av sediment, fisk, vasskjemi og botndyr.

Vikedalsvassdraget har ei middelvassføring på 10,3 m³/s (DN 1999c). Vassdraget ligg i utkanten av det mest forsura området i Sør-Noreg. Grensetraktene mellom Sauda i Rogaland og Etne i Hordaland er registrert som forsura områder med særleg låge pH-verdier. Vassanalysar frå elva frå 1972 og utover 80-talet, viser ein merkbar nedgang i pH (SFT 1993). Vassdraget mottok store mengder sur nedbør med pH-verdier heilt nede i 3,65. Som nemnt vart det funne daud fisk i elva våren 1981. Også vatna vart hardt råka av sur nedbør. Ved ein intervjuundersøking vart det oppgitt at av 22 opphavleg aurebestandar var sju tapt og fem avteke. I tillegg hadde to av tre røyebestandar gått tapt. Prøvefiske i 1982 stadfesta dette (Hesthagen et al. 1995).

Generelt sett er vassdraget fattig på kalsium og organisk stoff. Elva har dårlig bufferemne og er derfor sårbar for tilførsel av sterk syre. Vassdraget er påverka av sjøsalt og særleg i tilknyting til nedbør i kombinasjon med kraftig vind, kan det bli høge konsentrasjonar av klorid. Konsentrasjonen av sulfat i vassdraget viser teikn til å avta. Dette skuldast truleg reduserte svovelutslepp i Europa (Fagerlund & Taasen 1997).

Kalking om våren vart sett i gong i 1987 for å unngå observert dødeleghet på smolt og presmolt og er seinare utvida til kalking heile året. Kalk vert dosert kontinuerleg frå eit doseringsanlegg oppstraums Låkafossen. Doseringa av kalk vert styrt etter ønska pH-verdi. I dag, 1999 ser skjemaet slik ut: perioden 15.02-31.03: pH=6.2, 01.04-31.05: pH=6.4, resten av året skal pH=6.0 (Lura pers. medd.). Trass i enkelte driftsproblem, har vasskvaliteten jamt over vore tilfredsstillande etter at kalkinga vart sett i gong (DN 1999c).

Frå 1998 vart også Littlelva kalka. Littlelva har vore ein av dei viktige gytebekkene for aure og tettleiken av aure har vore høgare enn i hovudvassdraget (DN 1999c). I tillegg har Littlelva blitt eit viktig oppvekstområde for eldre laksungar (1-3 år).

Kalkinga har stansa dødelegheta av ungfish på elva, og tettleiken av ungfish av laks er i dag truleg i nærleiken av det nivå som kan forventast ut i frå det ein veit om vassdraget sitt produksjonsgrunnlag (Johnsen et al. 1999).

1.3 Arealopplysningar

Status over inngrep i Vikedalsvassdraget

- Uttak av masse
- Bygging av skogsbilvegar
- Dårlegare vasskvalitet grunna avrenning frå jordbruk og sur nedbør
- Ternevatnet, regulerbar (0.3 m) drikkevasskjelde
- Kalkingsanlegg øverst i Låkafossen
- Kalkingsanlegg i Littlelva
- Elektrisk kraftverk ved Sponaneset
- Førebygging langs hovedstrekningen
- Molo ved utløpet
- Bekkjer lagt i røyr
- Kraftlinjer

Fylkesplan for friluftsliv, 1992-95

Røyrvatnet. Bade- og rasteområde (telting). Lett tilrettelegging er aktuelt; ordna tilkomst, P- plass, toalett og renovasjon. Rydding av lauvskogen. Området bør sikrast ved kjøp, eventuelt servitutt.

Fjellgardsvatn har i austre enden ein parkeringsplass for fjellturar/bading som kommunen eig. Dette området markerast som eit "sikra område med usikker status".

Vikedalsstranda bør sikrast gjennom reguleringsplan, og opparbeidast for allmenta utover brukerar av campingplassen. Området er tilrådd sikra som eit viktig regionalt badeområde.

Olaliområdet er eit tur- og utfartsområde i fjellområda i Etne og Vindafjord. LNF-område i kommuneplanen.

Bjørndalen-Fevassnuten er eit tur- og skiuftfartsområde. LNF- område i kommuneplanen.

Fylkesplan for naturvern, 1992-95

Vikedal har verneform "andre områder" og her vert det lagt vekt på kvartærgeologiske førekomster. Endemorene, ulike typar terrasser og andre breely avsetningar, gjel med jettegryter. Verneverdi av nasjonal interesse.

Vindafjord kommuneplan, 1999-2010

Mesteparten av nedbørsfeltet er sett av som landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF), sone 1- område, der det er forbod mot oppføring av spreidde bustadhús, fritidsbygg og næringsbygg som ikkje har tilknyting til stadbunden næring. Det same gjeld frådeling til slike formål.

Vestre del av Vikedalsdalen, frå Staknes opp til Førland, er sett av som LNF, sone 2- område. I denne sona er det tillette med oppføring av spreidde bustadhús fritidsbygg og næringsbygg, i tillegg til frådeling til slike formål.

Ein stor del av LNF- området nord og aust for hovuddalføret er i kommuneplanen markert som særskild viktige friluftsområder.

Nedslagsfeltet for Mørkavatnet og Langavatnet er bandlagde som reservekjelder for drikkevatn. Tednevatnet, som er drikkevatn, skal bandleggjast. I tillegg er nedbørfeltet frå Halsvatnet og ned mot Låkafossen nord for hovuddalføret avmerka som uklausulert område for drikkevatn som skal vera unntake fra rettsverknad.

Ved Låkafossen er eit område sett av som motorbane. Vest for Eikeland er eit område avsett som skytebane. Ved Vikedal sentrum er arealer langs både sider av elva avsett som byggjeområder (bustadføremål, offentleg føremål, næringsføremål, friområde og kommunaltekniske anlegg). I fylge kommuneplanen er det forbod mot å oppføra konstruksjonar eller anlegg nærmare vassdrag enn 100 m, med mindre område inngår i ein godkjent reguleringsplan.

Søraustre del av nedbørfeltet ligg i Suldal kommune, som har godkjend kommuneplan frå 1997 (1998-2010). Heile området er sett av som LNF- område innan nedbørsfelt for verna vassdrag, RPR-kasse III. Kjennemerke for RPR-kasse III er at vassdragsbelte er lite påverka av menneskeleg aktivitet, og har difor stor opplevelseverdi og vitskapeleg verdi. Her gjeld

fylgjande forvaltningsavgjersler: ”Det er svært viktig å ta vare på naturen sitt preg av å vera lite påverka av moderne menneskeleg aktivitet. Alle former for omdisponering av areal i vassdragsbeltet bør unngåast. Vasskvalitet og naturleg vassføring må haldast oppe så langt råd er, og ein må freiste å unngå alle former for inngrep som reduserer verdien av vassdraget”.

Nordaustre deler av nedbørfeltet tilhører Sauda kommune. I godkjend kommuneplan frå 1995 er områda avsett som LNF-område, sone 1: Viktige område for vilt- og fritidsinteresser, samt område med særskilde naturkvalitetar og viktige samfunnsinteresser. Innanfor desse områda vil det ikkje bli gitt løyve til bygging eller frådeling, unntake for stadbunden næring. Det finst ingen vedtak om vassdragsbeltet. Det er ikkje aktuelt med eigne vedtak om vassdragsbelte innanfor dette område.

Nordlege deler av nedbørsfeltet tilhører Etne kommune. I gjeldande kommuneplan for perioden 1987-94, er heile områda innanfor Vikedalselva sitt nedbørsfelt sett av som LNF-område, sone 1a. Eventuelle tiltak må vera i samsvar med vedtekne retningsliner, eller knytta til stadbunden næring. Ny eller vesentleg utviding av eksisterande fritidsbustader er ikkje tillede. Det gjeld ingen avgjerder om vassdragsbelte innanfor dette området.

1.4 Målsetjing og avgrensing med rapporten

VVV-rapporten om Vikedalsvassdraget skal gi ein enkel, men utfyllande oversikt over dei viktigaste verneverdiene langs vassdraget. I rapporten er det lagt hovudvekt på dokumenterte verdiar langs vassdraget og verdiar som er sett som grunnlag for vernet av vassdraget. Det er samla inn kunnskap innan kulturlandskap og kulturminne i vassdraget.

I 1994 kom rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag med instruks til kommunane om å klassifisera og forvalte vassdraget og nærliggjande arealer innan eit definert vassdragsbelte. Retningslinene dannar grunnlaget for forvaltninga av Vikedalsvassdraget saman med denne kunnskapsstatusen. ”Driftsplan for Vikedalsvassdraget” er under utarbeidning ved Vikedal Elveigarlag.

Verdiar er i rapporten verdsett ut frå kriteria i rettleiaren (DN & NVE 1997) og i samarbeid med kommunen og Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen. Verdiar knytt til kulturminne og kulturmiljø er vurderte, men ikkje verdsett etter skalaen nytta elles i rapporten.



Fig. 1 Oversikt over Vikedalsvassdraget fra Bjørndalsnuten. Vassdraget strekkjer seg heilt fra Hustveitsåta (1188 m o. h.) og ned til fjorden ved Vikedalsosen. Nedbørsfeltet er 118,4 km² stort.



Fig. 2 Vassdraget har unike forhold for friluftsliv. Her er det Mørkavatnet som vert vitja av unge badegjester.



Fig. 3 Vikedalsvassdraget har høg årsnedbør (2000-3000 mm i året). Ikkje så reint sjeldan ligg store område under vatn. Dette biletet er frå 29. November 1999 og viser at store deler av Midtbygda ligg under vatn.

2.0 PROSESSAR OG FORMER DANNA AV IS OG VATN

Dokumentasjon om berggrunsgeologien og kvartærgeologien i Vikedalsvassdraget er henta frå "Forslag til vern av kvartærgeologiske førekomstar i Rogaland" (Anundsen & Sollie 1987), "Naturfaglige verdier og vassdragsvern" (NOU 1983: 42) og "Vikedalsvassdraget, kvartærgeologiske og geomorfologiske undersøkelser" (Nordahl-Olsen 1980).

Vikedalsvassdraget er eit viktig område for forståinga av isavsmeltinga i Nord-Rogaland og Sunnhordland. Særleg viktig er brerand- og bresjøavsetningane nedst i hovuddalen, i området Hallingstad-Koladalen. Vassdraget har svært stor pedagogisk verdi, og det er egna som typevassdrag (Anundsen & Sollie 1987).

I dalbotn nedst i hovuddalføret finn ein grunnfjell som består av granitt. Over dette ligg det fyllitt, truleg av kambris-kambrisk-ordovicisk alder (Reusch 1908, NOU 1983: 42). I dei høgareliggende områda i aust ligg det skyvedekkbergarter som består av prekambriske gneiser som er skuva over fylitten under den kaledonske fjellkjedefoldninga.

Dei spesielle forholda som herska i Vikedal under Yngre Dryas, med ein bre frå fjorden (som stengte dreneringa) og ein bre frå innlandet, har gitt opphav til mange typar avsetningar som danna ein heilskap.

Hovuddalen frå Vikedal til og med Botnavatnet og Bjørndalsvatnet dominera vassdragsbilete Fig. 1). Den vide, U-forma dalen senkar seg gjennom dalendar og tersklar sprangvis mot fjorden. Daltermsklane og dei mellomliggende bassenga gir hovuddalen ein typisk iserodert utsjånad. Godt markerte dal-termsklar finst ved Ørnnes, Førland, Hundseid og Roaldkvam. Fleire stader er bassenga fylt med vatn, til dømes Fjellgardsvatnet. Sidedalane til hovuddalføret er små, korte dalar som munnar ut oppe i hovuddalen sine sider og kallast derfor hengande dalar.

2.1 Vassdragselement og prosessar i dag

Vikedalselva meanderer. Vatn i rørsle har evne til å transportere grus, sand og finstoff. Mengda av materiale som vatnet kan ta med seg er avhengig av farten på vatnet. I ein elvesving vil vatnet i yttersvingen få større fart og kan ta med seg meir materiale. I innersvingen får vatnet mindre fart og materialet vert avsett. På denne måten kan elva bukte seg som ein orm gjennom eit flatt landskap (sjå forsidefoto, øvst til høgre). Det er denne prosessen som vert kalla meandrering (P4). Av og til vert svingen så vid at elva kuttar svingen og tek snarvegen rett fram. Elvesvingen vert liggjande igjen som tjern, ein såkalla kroksjø. Kyrkjeholen (B1) er eit døme på dette (Fig. 7). Kyrkjeholen ligg heilt nede ved sjøen i eit elvedelta, danna av at Vikedalselva har meandrert nedover den nedste terrassen og at Kyrkjeholen på den måten har vorte avsnøra. Den siste avsnøringa skal ha skjedd ved at lokalbefolkinga retta ut elveløpet på 1700-talet.

Når ei elv renn ut i stilleståande vatn, i ein innsjø eller ein fjord vil den avsetje det materiale den tek med seg. Det grovaste materialet vert avsett nærest land, det finare lengre utover. Slik vert det danna eit *delta*. Deltaet som utgjer Vikedalsosen vart truleg danna for 2000-1000 år sidan, ved landheving og elveavsetning. Dette deltaet er og grunnlaget for Vikedalsstranda (Fig. 11). Ei slik strand er alltid rørsle og blir påverka av sjøen, i form av straumretningar og bølgeaktivitet. I tillegg fører elva med seg store mengder sediment (Bogen pers. medd.)

2.2 Former og spor etter avslutta prosessar

Toppnivået innan vassdraget er truleg rester etter eit gammalt (prekvartært) landskapsnivå. Kombinasjonen av istider med breerosjon og mellomistider med elveerosjon har gjennom Kvartærtida forma landskapet slik me finn det i dag. For 18-20000 år sidan dekka innlandsisen heile området og låg med isfronten langt utover kysten. Isen trakk seg tilbake og i løpet av Allerød (11800-11000) smelta isen vekk innanfor Koladalen. Sedimenter som stammar frå denne avsmeltinga finst i avsetningsrestene ved Solheim (P2) (Fig. 5) og Fatland. Ein tenkjer seg at det har vore ein oppdemma sjø i dalen, men det er ikkje funne rester etter denne oppdemminga.

Ein kaldare periode, Yngre Dryas (tidsperioden frå 11 000 til 10 000 år før notid) fekk breen i Vindafjordområdet høve til å flyte utover til sidene då den kom så langt vest som til fjordkrysset ved Sandeidfjorden. Her var det ein arm som trengte seg eit stykke opp til Hallingstad. Breen tok med seg materialet frå fjorbotnen og danna Hallingstad-morenen (P1), dette er marine avsetningar. På same tid var det ein brearm som frå den same innlandsisen trengte seg nedover Vikedalen til utløpet av Fjellgardsvatnet/Koladalen. Mellom desse to brefrontane danna det seg ein bredemt sjø, som truleg har lege på ca 160 m o. h. I terrenget ved Låkafossen finst fleire dødisgropar (Dette er gropar i terrenget som er danna på ein spesiell måte. Under isen eller ved iskanten vart store isklumper gravlagde av breelvavsetninga under isavsmeltinga. Då isen elles smelta vekk låg desse klumpane igjen, verna mot smelting av sand og grus. Etterkvart smelta isklumpane også, noko av materialet raste ned på sidene og resultatet vart ei rund eller avlang grop i terrenget).

Då isen ved brefrontane smelta, braut elva seg gjennom moreneryggen ved Hallingstad (Fig. 4) og lausmassar vart avsett i sjøen rett utanfor Hallingstadterrassen (P1). Slik vart elvedeltaet i Vikedalsosen danna. Etter kvart som landet steig i forhold til havnivået, har elva erodert seg ned i dei avsetningane som fanst. Rester av desse avsetningane vart ståande igjen som hyller eller terassar i dalsidene (til dømes ved Fatland og Låkafossen (P2)) og me har fått forma Vikedalsvassdraget slik det er i dag (Nordahl-Olsen 1980).

2.3 Utvalde delområde

P1 Hallingstad

Ein markert morenerygg ligg på tvers av dalen. Elvenedskjæringa viser at den er 20-25 m tjukk. Den held fram i ein sidemoren i den nordvestre dalsida. På sørvestre sida av moreneryggen er det ein stor, glasfluvial terasse, 60 m o.h. Denne høgda passar med høgda av den marine grensa elles i området. Eit tidlegare snitt gjennom både terrassen og moreneryggen viser at terrassen er danna etter at isen smelta vekk, av vatn ovanfrå dalen. Området er vurdert til nasjonal verdi.

P2 Låkafossen

Her ligg det ei ryggforma avsetning med deltastruktur. På overflata er det fleire dødisgropar. Avsetninga representera truleg fronten til breen som kom nedover dalen under Yngre Dryas. Sidemorenene kan følgjast vidare herfrå langs den sørøstre sida av Fjellgardsvatnet. Avsetninga, som truleg er ein erosjonsrest av ein større deltaliknande avsetning, viser at det var ein innsjø i dalen opp til minst 160 m o.h. i Yngre Dryas. Dei finkorna lausmassane (silt og leire) er resultat frå denne bredemte sjøen. Ved Låkafossen renn elva i eit trangt gjel med jettegryter. Fossen har 30 m fritt fall, vatnet går ned gjennom ein canyon, noko av vatnet kjem ut frå ei kløft. Høgt oppe i fossen ligg det ei bergblokk over fossen, derav namnet Låket (Fig. 6). Her kom ein tørrskodd over elva, før bruene kom. Området er vurdert til nasjonal verdi.

P3 Solheim

Her er det ein tjukk avsetning av sand og grus der laga fell svakt nedover dalen, parallelt med avsetninga si overflate. Avsetninga når opp i ca. 100 m o. h. Under sand- og grusmassane er det finkornige bresjøavsetningar. Sand- og grusmassane kan vera danna ved erosjon av dei glasfluviale massane ved Låkafossen etter at bresjøen i Vikedal delvis var tappa, men dei kan også vera danna i ein tidsperiode før dalen vart demt opp. Gjelet med jettegryter er truleg danna under tappinga av bresjøen. Området er vurdert til regional verdi.

P4 Solheim-Ørnes

Elva meanderer gjennom heile Midtbygda. Etter at isen trakk seg attende og landet heva seg, har elva skore seg gjennom lausmassane og funne sin veg ned gjennom dalen (sjå kapittel 2.1). Fleire stader finst det spor etter avsnöringar. Området er vurdert til regional verdi.

P5 Bjørndalsura

Ved nordvestre enden av Bjørndalsvatnet ligg det ei stor ur etter eit fjellskred. Ura er samansett av blokker store som hus. Det er vanskeleg å seie kva som har utløyst skredet, men jordskjelv er ei truleg årsak. Bjørndalsura er den største ura innan vassdraget. Området er vurdert til lokal verdi.

Tabell 1 Verdivurdering v/ Prosessar og former danna av is og vatn. (Delområde med *** svarar til Nasjonal verdi, ** Regional verdi og * Lokal verdi, sjå også kartvedlegg for prosessar og former danna av is og vatn).

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovudkriterier					Støttekriterier			
			H01	H02	H03	H04	H05	S01	S02	S03	S04
P1	Hallingstad	***		x	x	x		x	x		x
P2	Låkafossen	***	x	x	x		x	x	x		x
P3	Solheim	**		x	x			x	x		x
P4	Solheim-Ørnes	**				x	x	x	x		x
P5	Bjøndalsura	*	x								

- | | |
|------------------------|----------------------|
| H01 Urørd | S01 Sårbar |
| H02 Historisk dokument | S02 Del av system |
| H03 Mangfald | S03 Forskningsverdi |
| H04 Typisk | S04 Pedagogisk verdi |
| H05 Sjeldsyn | |



Fig. 4 Hallingstadreset til venstre og elva som har grove seg ned til fast fjell gjennom avsetningane. Hallingstadterrassen ligg til venstre for moreneryggen, utafor biletet.



Fig. 5 Avsetningane på Solheim (midt i biletet).



Fig. 6 Gjelet og steinblokka i Låkafossen. I sjølve fossen er det jettegryter med diameter fra 30 cm til ca 5 m.

3.0 BIOLOGISK MANGFALD

"Alt levande, i tillegg til dei stadene der alt levande oppheld seg" er ein kort forklaring på det noko svevande omgrepet biologisk mangfald. I følge Rio-konvensjonen, artikkel 2 er biologisk mangfald definert som "variasjonen hos levende organismer av alt opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatisk økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av: dette omfatter mangfold innenfor arter, på artsnivå og på økosystemnivå". Rio-konvensjonen frå 1992 om biologisk mangfald forpliktar alle til å kjenna til og ta vare på sitt biologiske mangfald innan grensene. Noreg ratifiserte denne avtalen i 1993.

I St. meld. Nr. 8, 1999-2000, er det strategiske mål for bevaring av biologisk mangfald følgande: "Naturen skal forvaltes slik at arter som finnes naturlig sikres i levedyktige bestander, og slik at variasjonen av naturtyper og landskap opprettesholdes og gjør det mulig å sikre det biologiske mangfoldets fortsatte utviklingsmuligheter".

Opplysningar om viltet langs Vikedalsvassdraget kjem frå "Viltkartverket for Vindafjord kommune", 1997. Områder som utgjer ein viktig biotop for fleire viltarter og område som utgjer ein viktig biotop for ein eller fleire sjeldne eller trua arter er prioritert.

Utvalde naturtyper er tekne ut på grunnlag av "Kartlegging av naturtyper" (DN 1999a).

3.1 Ferskvassbiologi

Vikedalselva ligg i ytre kanten av det mest forsura området i Norge, og forsuringa er lita i forhold til vassdrag på Sørlandet. Verknaden på vasskvalitet og fisk er derimot stor sidan nedbørfeltet har lita bufferemne (Hindar 1992). Kalkinga, som starta 1987, har stoppa døyninga av smolt og forbetra vasskvaliteten.

Fisk

Det er forutan laks og sjøaure påvist også ål, niøye, trepigga stingsild og skrubbe i hovudstrengen (Vikedal Elveigarlag under utarbeiding).

Under Låkafossen er det 11 faste stasjonar for prøvetaking for fisk. I 1998 vart det funne god tettleik av lakseyngel på alle stasjonane. Det er i den øvste delen av vassdraget at tettleiken har auka mest i dei seinare åra. Littlelva er blitt eit viktig oppvekstområde for eldre laksungar i løpet av 1990-talet. I dei andre sideelvane er lakseungar berre påvist sporadisk i mindre mengder. Auren har ikkje vist noko positiv endring i tettleik etter kalking og talet har halde seg på eit relativt lågt nivå (DN 1999c). Når det gjeld fjellvatna i vassdraget, viser undersøkingar at det har vore ei auke i fleire aurebestandar sidan tidleg på 1980-talet. Ein kan også venta ei ytterlegare betring av forholda, men det kan ta lang tid før bestandane er heilt restituert etter forsuringsskadene (Hesthagen et al. 1995).

Botndyr

Det er gjort systematiske innsamlingar av botndyr i vassdraget sidan 1982. Ein stor del av vassdraget ber preg av forsuringsskade. Likevel er det påvist lokalitetar som har stabilt god vasskvalitet med omsyn til forsuring. Etter at kalkinga starta våren 1987 etablerte forsuringsfølsomme botndyr seg i hovudelva nedstraums kalkdoseraren. Det forventast framleis auke av det biologiske mangfaldet, særskild innan gruppa snigel og andre forsuringsfølsomme botndyr (DN 1999c).

3.2 Vegetasjon

Alle vegetasjonsnivå frå havnivå og opp til mellomalpin sone er godt representert.

Låglandssona, som strekkjer seg opp til 250-300 m o.h., er for det meste oppdyrka eller sterkt kulturpåverka skog. Gråor og bjørk er dei vanlegaste treslaga, men ein finn spreidde bestandar av svartor, hassel, alm, lind, ask og eik. På myrjord og skrinn mark er furu dominerande.

Feltsjiktet er dei fleste stader sterkt kulturpåverka og dominert av grasartar. I dei skrinnaste områda er lyngartar mest vanlege.

I den prealpine sona, som vertikalt strekkjer seg frå ca. 300 m o.h. og opp til skoggrensa mellom 450 og 600 m o.h., er bjørk og furu dei einaste treslaga som dannar bestand. I dei fuktige områda er ombrotrofe eller fattige minerogene myrar vanlegast. Dei ulike skogstypane går gradvis over i dei trelause alpine samfunn, og feltsjikta ser ut til å endrast lite om tresjikta blir borte. Berre i områda Sjurstølen og Søre Bjørndalen har bjørkeskogen eit visst subalpint preg, med dominans av smørtelg og bjønnkam i tillegg til eit lite innslag av alpine artar. I den nordeksponerte dalsida ved Risvatn finst også mindre bestandar av vierkratt. Dei aller fleste stader dannar bjørka skoggrensa, men på skrinne bergrabbar og på myrar innover mot Botnavatnet kan furua erstatta bjørka. Skoggrensa ser ut til å vera klimatisk betinga.

I dei alpine områda kan ein skilja mellom ei lyngdominert og ei grasdominert sone rundt 700 m o.h. Myr og ulike heisamfunn er dei viktigste alpine vegetasjonstypane. Bjønnskjegg særpregar den alpine sona. På eksponerte rabbar og fjellsider finst velutvikla rabbesamfunn. Over ca. 700 m o.h. er også finnskjeggeiar viktige.

Med høgda vert også jordsmonnet tynnare og vegetasjonen tørrare. Grasheiar dominera over alt. Myrar opptrer kun som sporadiske førekommstar av duskulldominert vegetasjon i område med konstant vasstilførsel. Ekstreme snøleiesamfunn med musøyra og snøleiemoise dekkjer berre små areal. I nedre del av nedbørsfeltet er det fleire stader variert vass- og vasskantvegetasjon.

Det er i alt registrert 344 artar karplanter i området, som er eit middeltal for regionen. 12% av artane er kystplanter. Sørlege og austlege artar er relativt lite representert. Av fjellplanter er det berre funne 47 artar. Alle er vanlege og nøysame. Planetegeografisk har området ei viss interesse idet ei rekke fjellplanter her finst nær si sørvestsgrensa.

Dei aller fleste artane i nedbørsfeltet er lite krevjande både klimatisk og næringsmessig. Tre lokalitetar utmerka seg ved innslag av næringskrevjande arter: Fylittberg aust for Røyravatn, ved Bjørndalsvatn og ved Bjørndalssvio. Alle plantesamfunna viser klare oseaniske trekk. Kystplanter som rome, smørtelg, bjønnkam, heisiv, poselyng, storfrytle og pors er svært vanlege eller til dels dominerande. Botnsjiktet er ofta velutvikla med sterkt innslag av oseaniske artar som kråkefotmose, kystjamnemose og gråmose. Botanisk kan vassdraget framstå som typevassdrag for underregion 37b (Huseby & Odland 1981).

3.3 Naturtypar

Vikedalsvassdraget har verdifulle naturtypar å ta vare på. Fleire stader langs hovudstrengen finn ein parti med *gråor-heggeskog* (Fig. 8). Dette er ein type skog ein finn i dalbotnar langs elvar med flaumperiodar. Skogen er prega av slamavsetning og generelt høgt grunnvatn med store vekslingar i vasstanden gjennom året. Dette er ein viktig naturtype fordi det næringsrike og fuktige miljøet i skogstypen gir grunnlag for høg biologisk produksjon og stort artsmangfold både blant planter og dyr. *Gråor-heggeskogane* er på høgde med tropisk

regnskog når det gjeld tettleik av fuglar. Naturtypen utgjer, saman med vassdrag, viktige spreingskorridorer for mange artar i fragmenterte miljø. Eit belte med kantskog vil også medverka til å redusera forureining og til å hindra erosjon. I tillegg kjem sjøle naturopplevelinga og variasjonen i landskapsbilete som resultat av ei kantsone.

Kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elveparti. Dette er ein naturtype som på grunn av oppdyrkning og førebygning har blitt mindre vanleg i landskapet. Naturtypen representerer oasar i vassdraget med eit stort og særprega biologisk mangfald og høg produksjon. Elva i Vikedal har blitt førebygd på utsette stader der flaumar kunne riva med seg store mengder dyrka jord. Det meandrerande elvepartiet (P4) er like intakt, men elva si emne til å danna nye dammar/kroksjøar er redusert. Kroksjøen Kyrkjehølen (B1), finn ein nedst i elveløpet (sjå også avsnitt 2.1).

Myr er ein naturtype som er sterkt pressa i Vikedalsvassdraget. Myrane har både direkte og indirekte tyding for det biologiske mangfaldet. Mange artar er direkte knytta til myr. Myrane har også ein viktig funksjon som vassmagasin og medverkar til at bekker og elvar i skog og kulturlandskap ikkje blir tørrlagte i periodar med lite nedbør. Myrane har også ein viktig reinseffekt på vatnet på grunn av den lange opphaldstida.

Store gamle tre er også ein naturtype som finn fleire stader under skoggrensa i Vikedalsvassdraget. Gamle tre er svært artsrike og representerer lang kontinuitet. Dei er viktige habitat for sjeldne og rødlista arter av både lav, sopp, mose og insekt. Inntil trea er det ofte ei smal randsone der mange eng- og kantsoneartar har moglegheit til å overleva, noko som også gir verdifulle tilskot til artsmangfaldet.

3.4 Vilt

I NOU 1983: 44 om ”Vilt og ferskvannsfisk og vassdragsvern” blir det uttala: ”Faunasamensetningen er typisk for Nord-Rogaland. Hjort er viktigste hjortedyr. Mange biotopkrav er ivaretatt innen nedbørsfeltet. Få arter bruker området. Verdien som viltbiologisk referanseområde er stor. Vi har vurdert området til å ha stor typeverdi, selv om få kriterier på viltbiologisk typeområde er tilfredsstilt. Vikedalselva har stor betydning for lokale bestander av flere viltarter. Produksjonsverdien for vilt vurderer vi til middels”.

Av andre hjortevilt har rådyr (som det og vert drive jakt på) vorte vanleg, i tillegg til streiftilfelle av elg. Vinteren 1990 vart det sett ut 11 reinsdyr i Vikedalsfjella (Guldborg 1997), våren 1997 vart det registrert ca. 50 vinterspora dyr, deriblant 18-20 simler. Dyra oppheld seg mest i området kring Bjørndalen (Vindafjord kommune 1997).

Elles har revebestanden teke seg opp etter nokre botnår med reveskabb. Mår, mink, røyskatt, hare, ekorn og flaggermus (artene ukjende) er vanleg. Pinnsvin er vanleg i busette strok.

Av amfibier er frosk og padde vanleg. Likeins firfisle og hoggorm av øgler.

Også for fuglefaunaen er Vikedalsvassdraget eit typevassdrag for Ryfylke og Nord-Rogaland (Roalkvam & Råd 1982). Fuglelivet knytta til skogsområda og kulturmark er av størst interesse, i tillegg til storlomsjøane i den indre del av vassdraget. Vassdraget har likskap med resten av regionen ein tett bestand av kvitryggspett. Storfugl og orre er godt representert i vassdraget. Fjellområda har låg tettleik og få artar, heilo og rype er vanleg. Fleire rovfuglar, blant anna kongeørn finst i deler av nedbørsfeltet.

3.5 Kjende rødlisteartar

Kvitryggspett er forholdsvis vanleg på Sør- og Vestlandet frå Lindesnes til Møre. Den er lista som "sårbar" i Noreg og Norden (Direktoratet for naturforvaltning 1999b). I tillegg er gråspett og dvergspett vanleg i nedbørsfeltet, båe desse artene er lista som "hensynskrevende" i Noreg. Ein finn hekkande kongeørn i nedbørsfeltet. Denne arten er lista som "sjeldan" i Noreg og Europa. Vassdraget har hatt bra bestand av storlom, arten er lista som "hensynskrevende" i Noreg.

3.6 Utvalde delområde og objekt

B1 Kyrkjehølen

Kyrkjehølen er den einaste næringsrike innsjøen ein finn i vassdraget (Fig. 7). Den er omkransa av eit belte med trevegetasjon, blant anna svartor. Noko av skogen er felt i samband med turstien. Forutan open vassflate, finn ein både myr- og sumpvegetasjon. I tillegg til kvite nøkkeroser, veks det raud nøkkerose her, det er uvisst om denne er planta eller veks vilt (Askeland & Kambestad 1989). Kyrkjehølen er eit viktig våmarksområde for amfibier. Grasender hekkar her, og det er ein viktig beiteplass for diverse andre ender. Kyrkjehølen er også ein god beiteplass for gråhegre. Trepigga stingsild, som er viktig føde for gråhegre, finst i store mengder. Sothøne er sett, men det er uvisst om den hekkar her. Lokaliteten er vurdert til regional verdi.

B2 Prestaneset-Nes

Langs elva finn ein lengre partier med *gråor-heggeskog*. Dette er ein skogstype som er prega av avsetningar av slam og generelt høgt grunnvatn med store vekslingar av vasshøgda gjennom året. Viktig tilhaldstad for ender og gråhegre. "Insektsdryss" fra trea gir viktig næring til fisken i elva. Skogstypen vert rekna for å ha høg biologisk produksjon og mange plante- og dyrearter. Området er vurdert til regional verdi.

B3 Plomlia

Lokaliteten ligg sør aust for Røyrvatnet. Her finn ein furuskog med innslag av gamal bjørk, osp og rogn. Noko av arealet er planta granskog. Her finst storfugl, orrfugl og ein rik spurvefuglfauna. Kalvingsområde for hjort. Området er vurdert til regional verdi.

B4 Nord for Røyrvatnet

Dette er det siste myrpartiet ved Røyrvatnet som ikkje er oppdyrka. Det strekker seg frå Tredselva til eit nytt dyrkingsfelt vest for myra. Furuskog. Levestad for amfibier og øgler, og eit populært jaktområde for hoggorm. Myrane her har tidlegare blitt føreslått verna i lokal interesse.

B5 Eiketre på Eikeland

Dette eiketre er eit frittståande, holt og styvd eiketre som står godt synleg på ei ekre på Eikeland. Mange insekt er heilt avhengige av det særskilde miljøet i gamle hole lauvtre. Eiketreet indikerer lang kontinuitet og har ein sentral plass i kulturlandskapet (Fig. 9).

B6 Førlandstølen m/ omegn

Eit større, naturleg oppdelt myrområde (300-340 m o. h.) Her veks furu, bjørk, røsslyng, blåbær, bjønneskjegg, einer, torvull, rome og kvitlyng. I botn er det torvmosar som dominera. Her er mykje hjort.

B7 Aust for Fjellgardsvatnet

Eit område som vender mot sør, og som ligg lunt til. Gamal furuskog med innslag av edellauvskog, her står daude furuer som ber preg av vitjing frå spettartar. Mange rotne tre ligg på bakken, overgrodd av mose og lav.

B8 Mo

To mindre myrar som er dei einaste gjenverande av det store myrområdet på "Moen", myrane opptrer som ein oase det intensive jordbrukslandskapet. Viktig område for insekter og fuglar. Den eine myra har tett skog med bjørk, furu, gran og rogn i tillegg til einer og vier. Her veks det blant anna blåbær, tyttebær, blokkebær, kvitlyng, torvull. Torvmosar pregar til dels botnsjiktet. Innimellan er det sumpar med blåtopp, engsoleie og pors. Den andre myra er ein fuktigare type og fri for skog. Dvergbjørk, pors og røsslyng dominera.

Tabell 2 Verdivurdering v/Biologisk mangfald. (Delområde med *** svarar til Nasjonal verdi, ** Regional verdi og * Lokal verdi, sjå også kartvedlegg for biologisk mangfald).

Nr	Namn delområde	Naturtype	Grad.	Hovedkriterier				Støttekriterier			
				H01	H06	H05	H07	S05	S06	S03	S04
B1	Kyrkjehølen	Våtmark	**		x		x	x		x	x
B2	Prestaneset -Nes	Gråor- heggeskog	**		x		x	x			
B3	Plomlia	Barskog	**		x	x		x			
B4	Nord for Røyrvatnet	Myr/ Furuskog	*		x			x			
B5	Eiketre på Eikeland	Gamal eik	*				x	x			
B6	Førlandstølen m/ omegn	Myrområde	*			x		x			
B7	Aust for Fjellgardsvatnet	Gamal furuskog	*				x	x			
B8	Mo	Myr/skog	*		x			x			

- | | |
|---------------|------------------------|
| H01 Urørd | S05 Biologisk funksjon |
| H06 Sårbar | S06 Areal |
| H05 Sjeldsyn | S03 Forskningsverdi |
| H07 Variasjon | S04 Pedagogisk verdi |



Fig. 7 Kyrkjehølen, er den einaste næringsrike innsjøen som finst i vassdraget. Den er prega av frodig vegetasjon og fleire typar ender. Kyrkjehølen ligg nær sentrum og det vert arbeidd med tursti i området kring hølen. Det skal også utarbeidast skjøtselsplan slik at hølen ikkje gror igjen.



Fig. 8 Vikedalselva har ein verdifull kantvegetasjon med gråor og hegg som dei dominererande treslaga. Biletet viser heggen i full blom på Prestaneset.



Fig. 9 Ei svært gammal, hol og styvd eik som har ein sentral plass i kulturlandskapet på Eikeland.

4.0 LANDSKAPSBILETE

I landskapsomgrepet vert naturgrunnlag, biologisk innhald, historisk innhald, identitet og estetiske kvalitetar lagt til grunn. Landskapsbilete er totalinntrykket/opplevinga av landskapet, og vert oppfatta med heile sanseapparatet. Dei visuelle forholda er viktige, men det er likevel opplevinga gjennom syn, høyrsel og lukt av dei fysiske omgjevnadene i heilskap som gir landskapsopplevelingen. Dei delområda som er skild ut i Vikedalsvassdraget er tekne ut på grunnlag av boka ”Vakre landskap i Rogaland” (Hettervik 1996).

4.1 Landskapsregion og særpreg

I Noreg er det føreteke ei inndeling av 45 landskapsregionar (Elgersma & Asheim 1998). Dette er ei geografisk inndeling av landskapet basert på ei samla vurdering av naturgjevne og kulturdanna vilkår. Av desse er det landskapsforma som har vore det viktigaste kriteriet, men i deler av landet der landskapsforma er mindre dominerande eller spelar ei underordna rolle, har kulturskapte elementer i aukande grad vore avgjeraende.

Størst deler av Vikedalsvassdraget ligg under regionen *midtre bygder på Vestlandet* (Elgersma & Asheim 1998). Regionen strekkjer seg frå Gjesdal i Rogaland til Tingvoll på Nordmøre. Regionen utgjer i grove trekk eit belte mellom fjordunningane og fjellregionen. Vassdraga i denne regionen er korte og bratte, men med stor vassføring på grunn av høg årsnedbør. Over store deler er det ein grøderik region, med høg nedbør. Mykje veldrivne jordbrukslandskap langs ope fjordlandskap og avsondra dalar.

Indre deler av Vikedalsvassdraget ligg under regionen *lågfellet i Sør-Norge*. Denne regionen er ei stor samlegruppe for dei delene av fjellet som har lav- og mellomalpine plantesamfunn. I regionen kan det førekoma område med høgfjell og fjellskog. Sør- og Vestnorske fjellområde karakteriserast først og fremst av nakent berg i ein vekslande terrengkupering. Vasselementet er sterkt med talrike vatn og elvar (Elgersma & Asheim 1998).

4.2 Særmerkte element i landskapet

Dei største fjellområda ligg nordaust i nedbørsfeltet. Aller høgast ragar Hustveitsåta (1188 m o.h.). Lenger vest i feltet når toppane opp i 400-900 m o.h. Øvst i vassdraget ligg fleire mindre vatn mellom 300-900 m o. h., der Fagravatnet (0,8 km²) og Botnavatn (0,7 km²) er dei største. Elvane frå desse samlar seg i Fjellgardsvatn (158 m o.h.), som med sine 2 km² er det største i vassdraget. Herfrå og ned til sjøen er det fleire mindre fossar, avbrotna av slakare elvestrekningar. Låkafossen, med ca. 30 m fall, ligg i dette området.

Ein stor del av nedbørsfeltet kan karakteriserast som lågland. Vel 60 % av arealet er under skoggrensa, ca. 500 m o.h. Øvst delen av vassdraget er eit nakent fjellandskap med lyng og myr. Dalbotnen er myrlendt med bratt fjell på både sider. Vegetasjonen lenger nede består av furu- og lauvskog. Nedanfor Låkafossen vidar dalen seg ut, og den breie, flate dalbotnen er i dag for ein stor del oppdyrka. I NAF si vegbok 95 står det følgjande: ”Den grønne dalen med velstelte gårder er grunn nok til et sidesprang”.

4.3 Utvalde delområde

L1 Vikedal-Søndenåneset

Strandlina frå utløpet av Vikedalselva mot Søndenåneset, har ei større, langgrunn sand- og grusstrand som er ein av få sandstrender av nokon storlek i denne landskapsregionen (Fig. 10 og 11). Eit belte med krattskog i bakkant er med på å markera strandsona som linedrag, og forsterkar sætrekka langs strandlina. Til dels bratt svabergkyst med blandingsskog innafor kjenneiknar Søndenåneset, som ligg i kontrast til sandstranda. Kontakten med sjøen gir landskapsopplevelinga langs heile strandområdet god spenning (Hettervik 1996). Området er vurdert til å ha høg landskapsverdi i regional interesse.

Vindafjord kommune utarbeidde i 1993 eit høyringsutkast "Miljø- og naturressursprogram 1994-2002". Der er målsetjinga å oppfylle dei måla som er gjevne i Fylkesplan for friluftsliv 1992-95 (Rogaland fylkeskommune 1992), der blant anna Vikedalsstranda blir sikra som eit regionalt badeområde (Vindafjord kommune 1993). Vidare er dette eit viktig våtmarksområde for stokkender, laks-, sil-, kvin- og toppender, der dei har ein heilårs beitestad og overvintringsområde (Vindafjord kommune 1997).

L2 Midtbygda

Området i samband til øvre deler av Vikedalselva er eit vidt og markert dalføre (Fig 12). Fine variasjonar mellom dyrka mark og vegetasjon i grupper og langs randsoner gir også fleire lokale romopplevelinger. Lauvskog i blanding med gran og open beitemark gir dalrommet liv og spenning, og ein stort sett godt ivaretaken kantvegetasjon langs elva bidreg til auka mangfald. Gardsbusetnaden ligg hovudsakleg fint tilpassa i det harmoniske landskapsrommet (Hettervik 1996). Området er vurdert til å ha høg landskapsverdi i regional interesse.

L3 Fjellgardane

Den øvste grenda i bygda. Som namnet tilseier har grenda eit preg av fjellmiljø. Fjellgardsvatnet, det største vatnet i vassdraget, strekkjer seg over heile dalpartiet. Nokre av gardane ligg heilt nedtil vatnet, andre ligg litt ovanfor. Bjørk- og furuliar går over til snaufjell. Det vert store kontraster mellom dei mektige fjella i aust (Bjørndalen) og det rolege landskapet ved Fjellgardsvatnet (Fig. 13 og 14). Området vert vurdert til regional verdi.

Tabell 3 Verdivurdering v/ Landskapsbilete. (Delområde med *** svarar til Nasjonal verdi, ** Regional verdi og * Lokal verdi, sjå også kartvedlegg for Landskapsbilete).

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovudkriterier				Støttekriterier			
			H08	H09	H07	H06	S07	S08	S09	S10
L1	Vikedal-Søndenåneset	**			x	x		x		x
L2	Midtbygda, jordbrukslandskap	**	x		x				x	
L3	Fjellgardane, kulturlandskap	**	x	x						x

H08 Heilskap

S07 Urørd

H09 Inntrykkstyrke

S08 Sjeldsyn eller særpreg

H07 Variasjon

S09 Typisk

H06 Sårbar

S10 Historisk dokument



Fig. 10 Vikedal sett frå Balaheia.




Fig. 11 Søndenåneset og stranda sett frå Kleivahumpen.




Fig. 12 Midtbygda. Dalbotnen frå Ørnes opp til Førland er fylt opp av finkornige sediment, hovudsakleg finsand og silt med noko leire.



Fig. 13 Fjellgardane sett frå Roaldkvamsmarka.



Fig. 14 Fjellgardane sett frå "Honsaland".

5.0 FRILUFTSLIV

I friluftsløva §1 heiter det: "Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes" (Det kongelige miljødepartement 1997).

Vindafjord kommune utarbeidde i 1993 eit høyringsutkast "Miljø- og naturressursprogram 1994-2002". Der er målsetjinga å oppfylle dei måla som er gjevne i "Fylkesplan for friluftsliv 192-95" (Rogaland fylkeskommune 1992).

5.1 Friluftsområde

Det er gode moglegheiter for kortare og lengre fotturar i vassdragsområdet. Dei austlege delene er ulendt, men har bra stiar. Nord og austover frå vassdragsområdet er gode langturområde. I dei øvre delene er det stabile snøforhold, og godt skiterreng (NOU 1983: 45). Områda nær sentrum er godt eigna til kortare kvelds/dagsturar. Det vert også arbeidd med tursti i Kyrkjehølen-Søndenåområdet.

5.2 Merka turar og stinett

Det finst ikkje turisthytter i nedbørssfeltet. Nord-Rogaland- og Sunnhordland Friluftsråd har utarbeida turnettkart. Det er også merka tursti frå Vikedal til Hogganvik. Elles er det mange tydelege stiar som ikkje er direkte merka. Vikedal Bondekvinnelag legg kvart år ut bøker 5 forskjellige stader i nedbørssfeltet, der løypa fram til målet er merka. Desse løypene er rekna som dags/kveldsturar. Det er særskild lokalbefolkingen som går desse turane (Tabell 4).

Tabell 4 Talet på personar som har skreve seg i "nuturbøkene" til Vikedal Bondekvinnelag dei sju siste åra.

Tur	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999
Balaheia		160	151				
Bjørndalen	110	141		90	75	134	109
Bjørnstigen	369						
Floen						111	
Førlandsstølen	124						98
Halsvassbu		103					
Hestanipa	114	121					123
Hundseidstølen	64						
Kjort	133						
Knipemarka			131				
Litlalandsnuten				91			
Lausafjell					79		
Lysenuten					147		
Lyåsen						60	
Roaldkvamsnuten						69	
Sjødnafjell						94	
Søndenåheia				88	80		
Tednevatnet				145			
Ulvavollsнутen							88

5.3 Jakt og fiske

Jakta i Vikedalsvassdraget har lite å seie i regional og nasjonal samanheng. Verdien for lokalsamfunnet er delvis stor (NOU 1983: 44). Av storvilt vert det jakta hjort, rådyr og reinsdyr. Hjortestamma har auka kraftig dei seinare åra og talet på fellingsløyve har auka deretter, derfor har også vassdraget sin jaktverdi blitt større. Jakta er meir organisert i jaktag og nokre jaktrettar vert leigd ut (Braa, pers. medd.). Det vert også jakta på villrein.

Av småvilt vert det jakta rype, orrfugl og hare. Småviltjakta er godt organisert og lett tilgjengeleg for folk flest. Dette gjer at rekreasjonsverdien er stor både for lokalbefolking og på for folk Haugalandet (Odlund pers. medd.).

Både i forhold til friluftsliv og turist- og reiselivsverksemd er Vikedalselva (F5) først og fremst kjent for sin laks- og sjøaurestamme og som arena for sportsfiske. Vikedalselva er gunstig plassert i forhold til store folkekonsentrasjonar (NOU 1983: 44). Sidan det ikkje er etablert og innarbeida sikre metodar for innrapportering av fangst frå fiskarar, dekkjer fangstabellen nedanfor store mørketal. Frå og med 99-sesongen vart det innført pantekortssystem. Fiskaren betaler kr 200,- i pant for å få kjøpa fiskekort, på pantekortet skriv fiskaren ned fangsten og får pengane tilbake ved levering. Dette vil gje mykje betre fangststatistikk etter kvart.

Frå og med sesongen 2000 er det gjort framlegg om å innføre ei kvoteordning på fiske i elvane i Rogaland. Denne ordninga går ut på at ein ikkje skal fiske meir enn 5 fisk pr. døgn. Dette blir innførd i Vikedalselva førstkomande sesong.

Tabell 5 Fangst av anadrom laksefisk (laks og sjøaure) i Vikedalselva dei siste 7 sesongane basert på fiskekortsal (døgnkort, sesongkort) og innleverte fangstmeldingsskjema frå fiskarar.

Sesong	Talet på Laks	Sum laks (kg)	Talet på sjø-aure	Sum sjø-aure (kg)	Sum laks og sjøaure (kg)
1993	165	506	1736	1471	1977
1994	256	596	437	375	972
1995	281	640	808	659	1299
1996	287	628	976	904	1532
1997	550	1152	859	853	2004
1998	226	1344	551	510	1854
1999	245	1334	1233	1271	2556

Fleire av dei øvste vatna i nedbørsfeltet er fisketomme; Halsvatnet (vest), Gullvatna, Halsvatnet (aust) Øyavatnet, Fagravatnet og Reinsfossvatnet (Hestagen et al. 1995), truleg på grunn av låg pH. Under krigen vart det sett ut røye frå Røyravatnet til Fjellgardsvatnet. Røya i Røyravatnet overlevde ikkje den sure nedbøren som kom i løpet av 1970-talet. No vert det sett ut røye frå Fjellgardsvatnet i Røyravatnet, men det har ikkje blitt noko reproduksjon hittil (Øverland pers. medd.).

5.4 Utvalde delområde

F1 Vikedalselva

Elva er lakseførande på ca 10 km lang strekning frå utløpet og opp til Låkafossen. Vassdraget er det einaste gjenverande i Ryfylke med lakse- og sjøaurefiske av nokon storleik, som ikkje er påverka av reguleringar. Elva er ei viktig kjelde for rekreasjon både lokalt og regionalt

(Fig. 15). Det kjem også sportsfiskarar frå andre kantar av landet for å drive flugefiske. Elva er vurdert til regional verdi.

F2 Fjellgardsvatnet

Fint og lett tilgjengeleg bade/rasteområde i austre enden av vatnet. Her har kommunen parkeringsplass. Det er mogleg å kjøpa fiskekort og leiga båt av gunneigarar. Fiskesamfunnet i Fjellgardsvatnet er samansett av røye, aure og ål. Rekrutteringa er god både for røye og aure (Saksgård & Hesthagen 1996). Området vert rekna for å ha stor lokal verdi.

F3 Røyrvatnet

Vatnet ligg 231 m o. h., er normalt lett tilgjengeleg (kan vera at skogsvegen er stengt for bil og motorkøyretøy). Sal av fiskekort hjå grunneigarar. Det vert sett ut noko røye frå Fjellgardsvatnet, men det er berre aure som reproduserar seg. Fint område for bading og rasting. Vatnet er omgitt av furuskog, planta gran og noko dyrka mark. Området vert rekna til å ha stor lokal verdi med hensyn på friluftsliv.

F4 Vikane-Bjørndalen

Startar ein turen ved Gislehaugen i Fjellgardane og går austover mot Bjørndalen, går ein gjennom furuskog, bjørkeskog og til slutt fjellbjørkeskog eller skrinne furutre i sjølve Bjørndalen. Går ein enda lengre, mot Hustveitsåta, ligg grunnfjellet heilt oppe i dagen og vegetasjonen er sparsom og karrig. Dette er eit turområde som vert svært mykje brukt av lokalbefolkningen i tillegg til folk i regionen (Fig. 16, 17 og 18). Området vert altså rekna til å ha stor regional verdi som eit tur- og skifartsområde.

Tabell 6 Verdivurdering v/Friluftsliv. (Delområde med *** svarar til Nasjonal verdi, ** Regional verdi og * Lokal verdi, sjå også kartvedlegg for Friluftsliv).

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovedkriterier				Støttekriterier			Merknad
			H0 1	H10	H11	H12	S11	S12	S13	
F1	Vikedalselva	**		x	x	Stor	x	x	x	Varig vernar
F2	Fjellgardsvatnet	*		x	x	Stor	x			Sikra
F3	Røyrvatnet	*		x	x					Bør sikrast
F4	Vikane-Bjørndalen	**		x	x	Stor	x	x	x	LNF- sone 1

H01 Urord

S11 Tilgjenge

H10 Oppleveling

S12 Naturkvalitet

H11 Eigna

S13 Kulturkvalitet

H12 Dagens bruk



Fig. 15 Fisking etter laks og sjøaure i Vikedalselva. Her er det ein fiskar som har vore heldig i Ørneshølen.



Fig. 16 Fellestur til Søre Bjørndalen.




Fig. 17 Utsikt frå toppen av Endagardane. Dei indre deler av Vikedalsvassdraget har eit flott skiterreng.




Fig. 18
Bjørndalsnuten i
bakgrunnen.

6.0 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Det er først etter at folk tek til å bruka jorda at det er funne busetnadsspor i Vikedalsvassdraget. Naturforhold gitt gjennom berggrunn, moreneavsetningar og klima ser ut til å vera nytta gjennom heile jordbruksfasa i vår historie. Vikedalsvassdraget har fleire daltersklar. Det ser ut som dei har vore naturlege rammer for busetnaden. Tersklane vart forsert når det vart mangel på drivbar jord. Spor etter steinalderbønder er koncentrert rundt Osen, spor etter eldre jernaldergardar ser ut til å stoppa ved Låkafossen, medan spor etter gardsbusetnaden frå yngre jernalder finst i områda kring Fjellgardsvatnet (Hofseth 1982).

For samfunn langs kyst og fjord var båten det viktigaste framkomstmiddlet før vegen og bilen kom for fullt. Heilt fram til slutten av 1880-åra var Vikedal utan vegsamband med grannebygdene. Det var ferdsel over fjellet både til Sandeid, Etne og Sauda, og vidare austover til "Telemarken". Ofte var det handel som var årsaka til turane, og varene vart kløvja med hest eller borne på ryggen over fjellet. Men sjøvegen var viktigast. Hamna i Vikedal var lun og god. Elvosen har vore heilt avgjerande for tettstaden i Vikedalsosen. Med småbåtar kunne ein koma heilt oppunder Opsalsfossen. Her var det sagbruk, klemmefabrikk, gjestgiveri, telefonstasjon, bakeri, skomakar, treskofabrikk og mølle. Tida frå 1850 til 1880 var det også fleire båtbyggjeri som låg langs elvosen heilt opp til Opsalsfossen. Langs elvosen fann ein også husmenn utan jord; strandsitjerane som livberga seg som daglønerar og fiskarar. Der var fleire sjøhus og her låg og det fyrste handelslaget i bygda. Varene vart frakta med småbåtar til/frå dei store båtane som låg ute i vika. Vikedal var eit handelssenter i Ryfylke heilt fram til over krigen.

Kulturminna i vassdraget er relativt mangfaldige når det gjeld å avspeglia jorbruksbusetninga. Ved at ein her kan fylgja jordbruksbusetninga tilnærma samanhengande frå yngre steinalder til i dag, representera kulturminna eit viktig kunnskapspotensiale (NOU 1983: 44). Det ser ut til at ein i vassdraget har kulturminne som i sjeldan grad avspeglar dynamikken i utviklinga av busetnaden i heile denne tidsbolken. Dette har stor vitskapleg og pedagogisk tyding. Også tettstaden Vikedalsosen er vesentleg for jordbrukshistoria. Som enkeltminne har ein del av gravminna frå jernalderen og middelalderkyrkjegarden på Søndanå størst tyding. Minna ligg lett tilgjengeleg og er i mange tilfelle godt ivaretakne.

Utvalde delområde og objekt er skild ut på grunnlag av "Fylkesplan for Kulturminner" (Fylkeskulturstyre i Rogaland 1989) og "Nasjonal verneplan for vegminne" (Statens vegvesen under utarbeidning).

6.1 Vassdragsrelaterte kulturmiljø

Fløytingsminne

Tømmerfløytinga i Vikedalselva føregjekk stort sett motstraums. Tømmeret kom sjøvegen og vart rodd opp elvosen til sagbruka oppunder Opsalsfossen. Ellers har elva ikkje blitt brukt til tømmerfløyting i noko stor grad, men det har vore noko fløyting av ved nedover elva (Bjørnson pers. medd.). Også i Fjellgardane vart det fløyta ved. Veden vart fløyta ned Tredselva og over til Movika, på vestsida av Røyravatnet (Øverland pers. medd.). Det vart skoga i liane ovanfor Litlaland og Hundseid, enten var det så bratt at veden rasa rett i Fjellgardsvatnet eller så vart det bruka renner og løypestreng ned til vatnet. 200-300 meter nedanfor var "Lenså", ved hjelp av nokre store steinar som låg i elva og tømmerstokkar vart veden stoppa her. Når det vart samla ein høveleg mengde vart lensa opna og veden vart fløytt heilt ned til Vikedalsosen. Her var det også lenser slik at dei kunne dra veden til lands.

Spesielt under første verdskrig vart det fløtt mykje ved ned elva. Truleg var det ei viktig næring å selja ved på denne tida (Hundseid pers. medd.).

Kraftverk

Kraftverka har kartkode (E) og er merka av på kartnr.6, Vassdragsrelaterte kulturminne.

I 1980 bygde Magne Hundseid eit elektrisitetsverket ovanfor Sponaneset (E1). Dette er i full drift og produserer straum til gardsdrifta på Hundseid.

I 1932-33 bygde Bastian Reimers, eigaren av gardsnr. 50, bruksnr. 1, eit elektrisitetsverk ved Littlelva. Dette var i drift fram til 1974-75 (Reimers pers. medd.). Huset og røyrane står igjen (E2).

Elektrisitetsverket ved Ørnesfossen vart bygd i 1931 og var i drift fram til 1954. Det tilhørde Johannes Knudsen, den dåverande eigaren av Nybøen, gardsnr. 64, bruksnr. 2 og 3. Sjølve huset står i dag, men er til nedfalls (E3).

Sagbruk

Sagbruken har kartkode (S) og er merka av på kartnr. 6, Vassdragsrelaterte kulturminne.

- (S1) Sjurstølen. I ei skøyte frå 1812 vert det nemnd ei bygdesag i Sjurstølen. Truleg har det vore ei oppgangssag (Jønsson 1976). Saga låg på vestsida av Øyavasselva, like ved samanlopet med Storelva (elva frå Krossvatnet). Ved saga endar ein gamal veg som ser ut til å vera brukt til tømmerkøyring (Jønsson 1976).
- (S2) Roaldkvam. Her har det vore sag før garden fekk fast busetnad i 1620 (Jønsson 1976). Sannsynlegvis har saga stått i Sagbekken (vest for tunet), der saga også står i dag. I ein del år stod saga nedanfor Saghaugen i hovudelva. Her var det sikrare vassføring. Men is og flaum braut slåket ned fleire gonger. Til slutt vart saga flytta tilbake til Sagbekken. For å forlenga skjæreperioden i samband med sterkt nedbør vart det laga stem i Svortetjønn (noko av kjelda til Sagbekken). Det er vister etter stemmen den dag i dag.
- (S3) Stølsmark, denne var i bruk ei stund etter krigen.
- (S4) Dyråna ved Røyravatnet. Hans Ulvavoll hadde saga si her før han flytta den til Floen. Den vart også flytta derifrå og den skulle setjast opp ved elva i Koladalen. Om det er den same saga som stod i Koladalen, er noko usikkert.
- (S5) Koladalen
- (S6) Tredselva. Hans Litlaland sette opp saga rundt 1920, her skar han alt tømmeret som han trong til den nye løa han bygde.
- (S7) Sponaneset. Her stod det først ei oppgangssag, truleg på slutten av 1700-talet og starten av 1800-talet. Det vart skore mykje tømmer som vart frakta *bordvegen* (sjå nedanfor) over til Etne. Seinare kom det sirkelsag som vart driven av husmannen Pål Sponaneset. I dag har Jens Hundseid sag på sjølve Sponaneset.
- (S8) På sørsida av Opsalsfossen ligg eit sagbruk som også er i bruk i dag (Fig. 23). Lars Sigmundstad eig og driv saga.
- (S9) Sagbruket på Opsalsida. Ein kan framleis sjå vister etter sagbruket.

I samband med desse to sagbruken ved Opsalsfossen var det stor aktivitet. Saga på Opsalsida hadde klemmefabrikk i andre etasje, eigar var Rasmus A. Westbøe. Dette var rundt 1880-1900 (Moberg pers. medd.). Etter at klemmefabrikken vart nedlagd var det brørne Tormod og Halvard Holthe som brukte saga til å skjera tønnestav. Seinare var det Bernhard Ohm som overtok saga. Då vart det laga trerøyrar. Dette var under krigen og jernrøyrar var ikkje å få tak

i. For å dekka etterspurnaden gjekk det på skiftarbeid (Andreassen pers. medd.). På andre sida av fossen var det like stor aktivitet. Her dreiv Lars Nes kvern, sagbruk og treskofabrikk. Han selde seinare til Sigmundstad som dreiv det vidare. Kverna var også i bruk under og etter krigen.

Kvernar

Mest truleg har det vore fleire kvernar i Vikedalsvassdraget enn dei som er nemnd nedanfor. Men dei kvernane som har sikker referanse er med her. Berre tre av dei står i dag, nokre er det framleis vister etter, medan andre er forsvunne for alltid. Kvernane har kartkode (M) og er merka av på kartnr. 6, Vassdragsrelaterte kulturminne.

- (M1) I samband med Sjurstølen stod det ei kvern i Storelva nedanfor Stølen. Her hadde Søren Stølen også ein kall i slåket som dreiv slipesteinen. Vassføringa i Storelva var sjeldent for liten til at det gjekk an å male. Dette vert stadfestet ved forteljingar om at ein i tørre somrar bar eller kløvja korn frå Stølsmark opp til Stølen for å få det malt (Jønsson 1976). Murane finst også i dag.
- (M2) Ørekjerven. Kverna står nordaust for tunet. Ho står i dag, men er til nedfalls.
- (M3) Roaldkvam. Den eldste utgreiinga om kvern i Roaldkvam finst i matrikkelen frå 1668 (Jønsson 1976). Truleg stod kverna i Sagbekken, der står ho idag. Kverna var i bruk heilt fram til andre verdskrig. Under krigen vart det også laga til ein kraftoverføring ned til låven, slik at vasskrafta vart brukt til å treska korn med.
- (M4) Kvernabekken ved Gislehaugen, denne kverna står i dag på Vikedal Bygdemuseum.
- (M5) Øverland. Kverna stod i bekken aust for huset til Ola Øverland, på øvre sida av vegen.
- (M6) Kverna i Kverndalen. Denne kverna vart brukt av dei som budde på nordsida av Fjellgardsvatnet. Kverndalen var husmannsplass som kom til i slutten av 1700 talet, under Hundseid (Jønsson 1976).
- (M7) Kverna som tilhørde Hundseid stod ovanfor Sponaneset der elektrisitetsverket står i dag.
- (M8) Kvern i Låkafossen, antakeleg brukt av dei som budde på Førland.
- (M9) Kvern som tilhørde Fatland/Underbakka. Både denne kverna som stod her og kvern (8) har nok vore i bruk i tidlegare tider, ingen av informantane kan hugse at det vart nemnt noko om desse kvernene.
- (M10) Kverna som tilhørde Espenvoll, stod i Mørkabekken.
- (M11) Lysebekken. Her har det truleg stått fleire kvernar. Det har blitt funne fleire kvernsteinar i samband med bekken, i tillegg er det stadnamn som "Kvednaliå" og "Kvednadalen". Dei har nok ikkje vore i bruk på 1900-talet (Holthe pers. medd.). Lysebekkjen vart også brukt som kraft for treskemaskina på Espenvoll.
- (M12) Kvernahølen ligg nedanfor Ørnesfossen og ved sida av hølen stod ei kvern. Kverna vart bygd før 1862. Kverna vart driven av ein utstikkar av Ørnesfossen. Same kor tørt det kunne vera, hadde ein aldri problem med vassforsyninga til kverna. Det førte med seg at store deler av bygdafolket måtte opp/ned til Nybøen for å male, avdi mange av dei andre kvernene mangla vatn-til drivkrafta. Kverna var i drift heilt fram til 1930. Det einaste som er att i dag er møllesteinane (Gjerde 1989).
- (M13) Mølla i Opsalsfossen stod litt ovanfor der saga står i dag. Denne var i bruk også etter krigen. (Mølle og kvern har same tyding, men mølle vert brukt om større anlegg).

6.2 Fersel

Før vegen og bruer kom til bygda kunne elva og vatna både vera til hinder og hjelp i fersla. For dei som budde i Bjørndalen og Fjellgardane var Fjellgardsvatnet ei viktig ferselsåre. Om vinteren var det is og då gjekk det lett med hest og slede. Om sommaren brukte dei båt. Ein av folket måtte ta hesten med seg langs vatnet på ein simpel drågaveg. I nedre enden av vatnet stod køyredoningen og båtfolket å venta. Så var det å ta fatt på turen nedover bygda. Før det vart bygd bruer køyrdde bygdefolket over elva ved forskjellige va. Alle va som er "oppspora" er tekne med. Dei har vorte brukte til ulike tider etter kvart som vegen og bruene kom. Det har ikkje vore mogleg å fått tidfesta bruken av dei forskjellige vaa i noko særleg grad. Vaa har kartkode (V) og er merka av på kartnr. 6, Vassdragsrelaterte kulturminne.

Då folket som budde i Søre Bjørndalen skulle til Bjørnstigen eller om Roaldkvam på veg ned til bygda, brukte dei eit va ved utløpet av Botnavatnet ved Tindafjordingen (V1). Det vart kalla eit "*Meinsva*" fordi det var ein farleg stad å vasse over. Johannes og Mari Bjørndalen mista sonen sin her, dei budde i Søre Bjørndalen på slutten av 1700-talet og byrjinga av 1800-talet (Reimers 19??).

Grunnavassva (V2) låg i vestre enden av Grunnavatnet. Før bruua kom i Roaldkvam (1923) var dette den beste staden å koma seg over elva (Roaldkvam pers. medd.).

Sponanesva (V3) låg nedanfor utløpet til elva frå Røyrvatnet, vidare gjekk vegen over Kolahaugen og ned til elva igjen der vegen fylgte elva til Fatland.

Vaet rett ovanfor Groarhølen (V5), hølen nærmast Låkafossen vart mykje brukt. Var det større elv vart eit va noko lengre oppe (V6) brukta (Østerhus pers. medd.).

Nesva (V7) (Viland pers medd.).

Kaldheimsva (V8).

Ørnesva (V9). Det er ingen munnlege kjelder som kan hugse at det har vore va på Ørnes, men det er nemnt i ein historie frå ei gravferd frå Bjørndalen og ned til Vikedalsosen i 1806 (Reimers 19??).

Va ved Heggelia (V10). Før bruua kom i Osen (1882) var dette staden som vart nytta når ein skulle over til Opsal eller omvendt.

Veg og bru

"Bordvegen" gjekk over fjellet frå Hundseid til Etne, langs denne strekninga (merka av som talet "1" kartnr. 6, Vassdragsrelaterte kulturminne) kan ein sjå slitasje i berga etter tømmerkjøringa. I Etne var det ikkje furuskog. Men i lune Fjellgardane vokst det bra med furu, og på oppgangssaga ved Sponaneset vart det skore mykje plank som vart frakta over til Etne.

"Austmannabrekka" er den gamle driftevegen mellom Etne/Suldal/Austlandet (merka av som talet "2" på kartnr. 6, Vassdragsrelaterte kulturminne).

Over Hagareset gjekk den gamle ferselsvegen gjennom Midtbygda (merka av som talet "3" på kartnr. 6, Vassdragsrelaterte kulturminne).

Vikedal Bru vart bygd i 1882 som ein del av veganlegget Sandeid-Vikedal (1879-1883). Etterkvart som den motoriserte fersla auka vart Vikedal Bru for spinkel og smal og bruua vart flytta opp til Hundseid. Frå då av vart den kalla Hundseid Bru (K5a). Brua står på same staden i dag og vart restaurert av Statens vegvesen i 1995. Brukara (K5b) i Vikedalsosen står igjen. Både bruua ved Hundseid og brukara i Vikedalsosen er registrert som eit vegminne i "Nasjonal verneplan for vegminne" som er under utarbeiding av Statens vegvesen.

6.3 Verdifulle kulturlandskap

Kulturlandskap er eit produkt av naturen sine eigne prosessar og menneskeleg verksemd gjennom fleire tusenår. Spora etter menneska kan dominera landskapet, til dømes i ei jordbruksbygd som Vikedal. Spora kan også vera gøynde for dei fleste, til dømes langs Storelva, på strekninga mellom Grunnavatnet og Krossvatnet. Den tradisjonelle matutnyttinga i Noreg danna mangfald og variasjon i landskapet, dermed også artsrikdom når det gjeld planter og dyr. Ny teknologi, økonomisk rasjonelle driftsformer og store utbyggingsprosjekt har danna eit meir einsarta landskap. Dette redusera ikkje berre talet på artar, men også den opplevinga som særprega eit levande landskap. Kulturlandskapet er ein levande del av vår historie. Kunnskap om dette landskapet er kunnskap om våre eigne røter og vår eigen identitet.

Heile Vikedalsvassdraget er eit verdifullt kulturlandskap, men nokre område skil seg likevel ut (sjå kapittel 6.6).

6.4 Kulturminne

Opplysningar om kulturminne (Objekt 1-54) i Vikedalsvassdraget er henta frå Fornminner i Rogaland (AmS 1979) og Kulturminner i Vikedalsvassdraget, Rogaland/Hordaland (Hofseth 1982). Objekt 43-54 er dyregraver i Fjellgardane som ikkje før er registrerte (Fig. 20). Desse fordjupningane i terrenget kan forvekslast med dødisgropar (sjå kapittel 2.2). Men etter form, storlek og plassering å døma er gropene i Fjellgardane danna av menneske (Blikra pers. medd., Trømborg 1992). Det er fleire dyregraver enn dei som er tekne med her. Nokre av dei var vanskeleg og finne igjen, medan andre låg så høgt at snøen gjorde det umogleg å finne dei. Truleg har også nokre graver forsvunne på grunn av oppdyrkning. Kulturminne er merka av på kartnr 5, Kulturminne og kulturmiljø.

Objekt 1

Stadnamn: Fagravatnet

Kulturminne sin art: Hidler

Orientering: Under Grånuten

Skildring: Under Grånuten ligg det ein hidler med oppmurt levegg som vert kalla Tjuvhidleren. Namnet skuldast, i følgje sagnet, at ein mann har budd og livnæra seg her ved å tjuvslakte sau.

Objekt 2

Stadnamn: Indre Bjørndalen, Bjørndalsvatnet

Kulturminne sin art: Tuft

Orientering: 100 m nordvest for fossen i vestenden av vatnet, på ein liten morenerygg

Skildring: Mål: 10 m x 3 m. Lengderetning: austvest. 2 rom. Murhøgd: Sør: 0,5 m, nord: 1,4 m. Breidde: 0,6 m. Bygd i tørrmursteknikk. Inngang på vestsida.

Objekt 3

Stadnamn: Bjørndalsvatnet, Indre Bjørndalen

Kulturminne sin art: Steinbu

Orientering: 85 m aust for *Objekt 2*, 50 m nord for vatnet

Skildring: Bua er gravd ned i bakken, slik at langveggene og nordre kortvegg går i eitt med bakken. Indre mål 5 m x 4 m. Murhøgd: 1-2 m. Inngang i sør mot vatnet

Objekt 4

Stadnamn: Bjørndalsvatnet, Indre Bjørndalen

Kulturminne sin art: Hidler

Orientering: 24 m aust for *Objekt 3*

Skildring: Golvflate: 7 m x 4,5 m. Takhøgde ved dråpefall: 3 m, inst: 0,7 m. Rester etter oppbygd mur i sør ved inngangen til hidleren. Har truleg fungert som utløe.

Objekt 5

Stadnamn: Gamlepllassen, Bjørndalsvatn

Kulturminne sin art: Tufter, gjerder og åkerlappar

Skildring: Området skal stamma frå den eldste busetninga i Nordre Bjørndalen. Busetnad heile året, fråflytta om lag 1850. Området er avgrensa av eit 5 m langt gjerde i vest og eit 86 m langt fjerde i aust.

Objekt 6

Stadnamn: Bjørndalsvatn, Nordre Bjørndalen

Kulturminne sin art: 2 tufter, rydningsrøyser og brønn

Orientering: På eit platå over Bjørndalsvatnet, rett under kraftlinia

Objekt 7

Stadnamn: Bjørndalsvatnet

Kulturminne sin art: Tuft

Orientering: 3 m aust for liten bekk i vest for nordre Bjørndalen

Skildring: Indre mål: 3 m x 4 m. Opning mot søraust.

Objekt 8

Stadnamn: Bjørndalsvatnet

Kulturminne sin art: Hidler, gjerde

Orientering: 400 m vest for hytte i Nordre Bjørndalen ligg ein blokkhidler.

Skildring: Hidleren er omkransa av gamle steingjerder. Frå hidleren til bekken går det eit 40 m langt gjerde. Golvflate: 3 m x 2 m. Hidleren kan ha fungert som utløe.

Objekt 9

Stadnamn: "Krono", Bjørndalsvatnet

Kulturminne sin art: Hidler

Orientering: Under nedrast blokk på sørsida av vatnet ligg ein blokkhidler

Skildring: Rester etter oppmurt vegg i nordnordvest. Hidleren har 2 rom i ulike nivå.

Objekt 10

Stadnamn: Bjørndalsvatnet

Kulturminne sin art: Hidler

Orientering: 15 m nord for vatnet i storsteina ur

Skildring: Rester etter oppmurt levegg i sørvest. Hidleren ligg rett ved ferdselsvegen

Etne/Bjørndalen og Vikedal/Sauda. Den kan ha vore nytta som overnattingsstad under ferdsel eller i samband med sauesankinga om hausten.

Objekt 11

Stadnamn: Knutsvatn, Liåsæter

Kulturminne sin art: Steinbu

Orientering: På austsida av vatnet på langstrakt morenerygg ligg ei steinbu

Skildring: Den er delvis inngravd i bakken og er bygd i tørrmursteknikk og har inngang mot sørvest. Bua består av 2 rom i to ulike nivå. Rom i sør (for dyr): Indre mål: 2,5 m x 2 m. Murhøgd: 1,2 m. Rom i nord (for folk): Indre mål 2,5 m x 2,5 m. Murhøgde: 1 m. Bua har hatt helledekt tak. Hellene har små hol for feste.

Objekt 12

Stadnamn: Knutsvatn, Liaseter

Kulturminne sin art: Tuft

Orientering: 150 m sørsøraust for *Objekt 11*

Skildring: Tuft som har hatt 3 rom. Stor, jordfast stein dannar endevegg i sørsøraust. Tufta måler 18 m x 4 m.

Objekt 13

Stadnamn: Knutsvatn, Liaseter

Kulturminne sin art: Tuft

Orientering: 70 m vest for *Objekt 12*

Skildring: Tuft med skut bygd inntil jordfast stein. Mål 6 m x 6 m. Murhøgde: 2 m. Inngang mot nordvest.

Objekt 14

Stadnamn: Botnavatnet

Kulturminne sin art: Tuft

Skildring: Tufta er bygd inntil sørvestsida av stor blokk. Berget utgjere ein langvegg.

Objekt 15

Stadnamn: Botnavatnet

Kulturminne sin art: Hidler, ”Masshidleren”

Orientering: Under stor, skråstilt blokk som kviler motein loddrett bergvegg

Skildring: Golvflata er vel 70 m², takhøgda er for det meste over 2 m. Hidleren har opning mot nord og sør. Hidleren har fått namnet etter den første personen som slo seg ned i Søre Bjørndalen. Han og sauene budde her det første året.

Objekt 16

Stadnamn: Risvatnet, Ingridstronda

Kulturminne sin art: Tufter

Orientering: Vest for utløpsosen av Risvatnet

Skildring: Tufter og steingjerder.

Objekt 17

Stadnamn: Tjødno

Kulturminnet sin art: 10 tufter, 4 rydningsrøyser

Orientering: På toppen av ein større morenerygg 30 m over og nord for Tjødno

Skildring: Søre Bjørndalen skal ha hatt fast busetnad frå 1600-talet (Jønson 1976). Tidlegare utførd prøvestikk (Hofseth 1982) viser at det truleg har vore tre ulike busetnadsfasar.

Objekt 18

Gardsnamn: Opsal

Gnr/bnr: 43/1

Fornminnet sin art: Gravrøys

Orientering: Opsalsneset. Ca 22 m austnordaust for stranda.

Skildring: Rundrøys som er uklart markert og lite synleg. Mange steinar syner. Kantane er noko utrasa og røysa elles er ein del omrota. I 1920 åra vart det funne ein flintdolk i røysa.

Objekt 19

Gardsnamn: Opsal

Gnr/bnr: 43/1

Fornminnet sin art: Funnstad for oldsaak

Orientering: Ca 90 m austnordaust for våningshuset på bruket.

Skildring: St. 8282 Tjukknakka øks av dioritt er funnen på denne lokaliteten.

Objekt 20

Gardsnamn: Opsal

Gnr/bnr: 43/3

Fornminnet sin art: Funnstad for oldsaak

Orientering: Ca 30 m Sørvest for våningshuset på bruket.

Skildring: På denne lokaliteten skal det etter opplysninga frå Thomas Amundsen, vore funne 2 sverd av jern. Det eine skal vera levert til Osmund Dybdahl Holthe, det andre er forsvunne. Dei vart funne i 1890-åra. Dei var innpakka i never og skal ha hatt messing eller gullbeslag ved handtaket. Her er også funne 3 steinøkser uten skafthol. Desse er truleg levert til Dybdahl Holthe. Det skal også ha blitt funne 12 perler. Storleik og materiale er ikkje kjent. Desse skal ha blitt sendt til eit museum i Bergen.

Objekt 21

Gardsnamn: Vikedal nedre

Gnr/bnr: 44/9

Fornminnet sin art: Funnstad for oldsaak

Orientering: Under stovegolvet på våningshuset på bruket

Skildring: Då kjellaren til huset vart grave i 1951, vart St. 7860 Grønnsteinsøks av Vestlandstype funne her. Den vart funne av Ola Selland.

Objekt 22

Gardsnamn: Vikedal øvre

Gnr/bnr: 45/2

Fornminnet sin art: Fjerna hustuft

Namn på lokalitet: Hagekrå

Orientering: Ca 100 m sørsørvest for våningshuset på bruket

Skildring: Fjerna hustuft. Garden sin eigar har fortalt at det skal ha vore ei gamal hustuft. Den var rektangulær og hadde ildstad i midten.. Det er usikkert når tufta vart fjerna.

På jordet aust for gardsvegen er det gjort fleire funn på det som kallast smieholia. Det er St. Stjerneforma kølle med steinskaft, St. 8283 Vespestadøks, St. 8284 Tjukknakka holøks av vestlandstype. I tillegg til ein del jernslagg.

Objekt 23

Gardsnamn: Vikedal øvre

Gnr/bnr: 45/1

Fornminnet sin art: Fjerna gravhaug

Namn på lokalitet: Løehaugen

Orientering: Ca 75 m sørvest for våningshuset på garden

Skildring: Fjerna gravhaug. Den nåverande eigar har fortalt at ved ei utjamning av ein grushaug i 1935 vart funne ei kiste av kantsette heller. I kista vart det funne krukkesår, ein gullring og oske. Desse har sedan forsvunne. Det skal også ha stått ein bautastein på Løehaugen. Den har lege som bru over Lysebekken og skal ha vore ca 2,5 m lang. I 1954 vart den hogd i to og reist som gravstein på Gamle kyrkjegarden på Søndenå (for Margrete og Nils Espenvoll). Det var ikkje runer på steinen.

Objekt 24

Gardsnamn: Solheim av Mo

Gnr/bnr: 48/3

Fornminnet sin art: Gravfelt

(sjå kap. 6.6, K13)

Objekt 25

Gardsnamn: Solheim av Mo

Gnr/bnr: 48/3

Fornminnet sin art: Gravhaug

Orientering: Ca 230 m sør-søraust for våningshuset

Skildring: Rundhaug. Klart markert, men lite synleg.

Objekt 26

Gardsnamn: Førland

Gnr/bnr: 50/1

Fornminnet sin art: Fjerna gravrøyser og flatmarksgraver

Orientering: Ca 250 m sør for våningshuset på bruket

Skildring: Her har det lege 2-3 gravrøyser. Under pløying vart det funne ca 20 oppmurte kammer i jorda. Her låg bein, kol og deler av leirkar. Gravkamra var murt av Stein og det låg Stein i botn. Ingen av gravkamra var synlege ved overflata. Alle låg langs bakkekanten ned mot elva. Fleire saker skal vera sendt til Bergens Museum. St. 7671 Økseblad av jern skal vera frå denne lokaliteten.

Objekt 27

Gardsnamn: Førland

Gnr/bnr: 50/6

Fornminnet sin art: Oldsak

Namn på lokalitet: Butegene

Orientering: Ca 60 m vest for våningshuset på bruket.

Skildring: Slipa flintøks av mørk flint.

Objekt 28

Gardsnamn: Hundseið

Gnr/bnr: 51

Kulturminnet sin art: Gravhaug

Orientering: 150 m sør-søraust for tunet og 25 m vestsørvest for gardsvegen på kanten av ein austnordaust-vendt terasse i kulturbeite

Skildring: Rundhaug. Diameter: 6 m. Høgde: 0,4 m.

Objekt 29

Gardsnamn: Hundseið

Gnr/bnr: 51

Kulturminnet sin art: Funnstad for oldsak

Skildring: Kleberkar med rest av jernband funne ved tunet i nærleiken av heller. Truleg frå vikingtida.

Objekt 30

Gardsnamn: Roaldkvam

Gnr/bnr: 52

Kulturminnet sin art: Funnstad for oldsak

Skildring: Kleberkar, klebersteinslampe, mosaikkperle. Truleg frå middelalderen.

Objekt 31

Gardsnamn: Ulvavoll

Gnr/bnr: 58/1 og 3

Fornminnet sin art: Samling gravrøyser

Orientering: Ca 75 m sørvest for huset på 58/4 og ca 40 m nord for Ulvavollsvatnet.

Skildring: Tre rundrøyser meir eller mindre klart markert. Ein del Stein syner.

Objekt 32

Gardsnamn: Ulvavoll

Gnr/bnr: 58/1 og 3

Fornminnet sin art: Samling røyser, usikre formminne

Orientering: Ca 60 m nordaust for huset på 58/4

Skildring: Fire rundrøyser. Uklart markert og meir eller mindre godt synleg.

Objekt 33

Gardsnamn: Nes

Gnr/bnr: 60/2

Fornminnet sin art: Gravhaug

Orientering: 2 m vest for folgehuset på bruket.

Skildring: Rundhaug. Uklart markert, men godt synleg. Kledd med gras. Ikkje synleg Stein.

Ein del av haugen er fjerna og noko utgravd. Den vert kalla Løhaugen.

Objekt 34

Gardsnamn: Hallingstad øvre

Gnr/bnr: 65/1

Fornminnet sin art: Gravfelt

(sjå kap. 6.6, K12).

Objekt 35

Gardsnamn: Hallingstad øvre

Gnr/bnr: 65/2 og 4

Fornminnet sin art: Gravhaug og fjerna gravfelt

Namn på lokalitet: Haugane

Orientering: Ca 40 m sørvest for våningshuset på 65/2

Skildring: Feltet hadde 7 rundhaugar. Det vart funne fleire våpen, bissel til ein hest og i 1920-åra ein gullring. Ei støypeform av kleberstein som vart funne på området skal vera levert til Stavanger Museum.

Objekt 36

Gardsnamn: Vikedal Prestegard

Gnr/bnr: 66/1 m.fl.

Fornminnet sin art: Gravhaug

Orientering: Ca 80 m vestnordvest for våningshuset på bruket.

Skildring: Langhaug, orientert nordøaust-sørvest. Uklart markert og lite synleg. Nokre få synlege steinar.

Objekt 37

Gardsnamn: Søndenaa

Gnr/bnr: 67

Fornminnet sin art: Kyrkjegard

(sjå kap. 6.6, K11).

Objekt 38

Gardsnamn: Søndenaa

Gnr/bnr: 67/5

Fornminnet sin art: Gravrøyser frå Jernalderen

(sjå kap. 6.6, K10).

Objekt 39

Gardsnamn: Søndenaa

Gnr/bnr: 67/5

Fornminnet sin art: Gravrøys frå Jernalderen

(sjå kap. 6.6, K9).

Objekt 40

Gardsnamn: Søndenaa

Gnr/bnr: 67/5

Fornminnet sin art: Gravrøyser frå Jernalderen

(sjå kap 6.6, K8).

Objekt 41

Gardsnamn: Søndenaa

Gnr/bnr: 67/5

Fornminnet sin art: Tre gravhaugar og oldsaker

Namn på lokalitet: Loftåkeren

Orientering: Ca 10 m nordvest for våningshuset på bruket

Skildring: Den eine gravhaugen er ein fjerna rundhaug som skal ha vore så stor som eit hus, med diameter på ca 25 m. I toppen var eit krater. Her låg ein stor kuleforma stein. Haugen hadde fotkjede. I botn av haugen var murt eit kammer med helle over. Over hella låg eit lag med bjørkenever, så eit lag med torv og til slutt fin sand av eit slag som ikkje fanst på garden. I kammeret stod ein bronsekjel med oske, brente bein og ein langaktig terning av bein. Ute i haugen låg ei mengd deler av våpen. Desse vart ikkje tekne vare på. Haugen vart fjerna ca 1870-80. Ca 40 m sørvest for denne haugen låg det nok ein fjerna rundhaug. Den var mindre enn den fyrste. Det vart funne ein harnisk og stykker av eit sverd. Fjerna ca 1840. Ca 40 m sørvest for denne låg ein tredje rundhaug. Her vart det funne ei mengd med leirkrukker med aske og brente bein. Dette vart ikkje teke vare på. På toppen av haugen sto ei kjempestor, hol eik. Her inne kunne det gå 6-7 ungar om gongen. Haugen vart fjerna i 1870-80 åra. I nærlieken er det også funne eit spinnehjul, ein oval ildstein med rand langs ytterkanten og ein pilspiss. Alt er vekk.

Objekt 42

Gardsnamn: Søndenaa

Gnr/bnr: 67/5

Formminnet sin art: Funnstad for oldsaker og hustuft

Orientering: Ca 30 m sørvest for våningshuset på bruket

Skildring: På denne lokaliteten er det funne ein kjerringrokk av kleberstein (S8041). Det skal ha vore ei hustuft her.

Objekt 43-54, dyregraver i Fjellgardane

På moreneryggjene i området rundt Røyrvatnet finst det fordjupningar i terrenget som er ca 1,5m x 1,5m ved overflata og noko smalare i botn. Djupna er ca 1m. Gropene er noko firkanta i form. Dei er oftast plassert på sjølve moreneryggjene, truleg der dyra hadde (og har) trekk.

6.5 Bygningar bygd før 1900 (Sefrakregistret)

Sefrak-registret er ei landsomfattande bygningsregistrering frå før 1900. Objekta i Vikedalsvassdraget er henta frå dette registret. Registreringa vart gjort i 1992. Objekta er ikkje kartfesta i denne rapporten.

Objekt 1

Gardsnamn: Opsal søndre

Gnr/bnr: 43/3
